


20. april 2024

Utsendingsmøte

for Indremisjonssamskipnaden



ims

Indremisjonssamskipnaden

Sakliste

Saklista under fungerer både som sakliste og som innholdsfortegnelse.

1. Godkjenning innkalling og sakliste (*"Sakliste" på side 2*)

2. Konstituering

- a. Val av møtedirigent og varadirigent
- b. Val av to til å føra møteboka
- c. Val av to til å signera møteboka
- d. Stemmerett for dagleg leiar og formann i Helgatunlia
- e. Informera om tellekorps (Valnemnd)

3. GF for IMS Holding AS

- a. Godkjenning av rekneskap
(*side 3, vedlegg 1a*)
- b. Kapitalforhøying i Helgatun Fjellpensjonat AS. Overføring av leilegheiter i Helgatunlia og midlar til oppgradering av Helgatun
(*side 10, vedlegg 1b*)

4. Årsmeldingar

- a. Indremisjonssamskipnaden
(*side 12, vedlegg 2*)
- b. IMS-ung
(*side 22, vedlegg 3*)

5. Rekneskap

Indremisjonssamskipnaden (*side 24, vedlegg 4*)

6. Orientering frå avdelingane

- a. Framnes KVGS
(*side 31, vedlegg 5*)
Framnes Eigedom
(*side 32, vedlegg 6*)
- b. Brandøy Misjons- og konferansensenter AS

(*side 39, vedlegg 7*)

c. Helgatunlia BRL

(*side 48, vedlegg 8*)

d. Helgatun Fjellpensjonat AS

(*side 49, vedlegg 9*)

e. SunnBok AS

(*side 58, vedlegg 10*)

7. Val

(*side 67, vedlegg 11*)

- a. Leiar for 1 år
- b. 3 styremedlemer for 2 år
- c. 3 varamedlemer for 1 år
- d. Val- og fullmaktsnemnd
- e. Revisor

8. ImF-prosess

(*side 68, vedlegg 12*)

9. Refinansiering av restgjeld i Helgatunlia inntil siste

leilegheiter er solgt

(*side 71, vedlegg 13*)

10. Sal av IMS-huset

11. IMS sine årsmøte frå 2025

Prøveperioden med å skilja årsmøte ut frå Sommarens Storsamling er over, kva no?

(*side 72, vedlegg 14*)

12. Samtale om arbeidet

På siste sida finn du

organisasjonskartet til IMS

Greit å veta for deg som bruker Acrobat:

Saklista inneheld lenker. Dersom du klikkar på sidenummer under sakene i saklista så går dokumentet rett til valgte vedlegg. Bokmerkemeny kan også brukast som innholdsliste med tilsvarande lenker.

Vedlegg 1a - Rekneskap for IMS Holding

Indremisjonssamskipnaden Holding AS

Resultatregnskap

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2023	2022
Annen driftsinntekt		0	0
Sum driftsinntekter		0	0
Annen driftskostnad	1	21 073	22 390
Sum driftskostnader		21 073	22 390
Driftsresultat		-21 073	-22 390
Finansinntekter og finanskostnader			
Resultat av finansposter		0	0
Resultat før skattekostnad		-21 073	-22 390
Skattekostnad	2	0	0
Årsresultat		-21 073	-22 390
Overføringer			
Til/fra overkurs		-21 073	-22 390
Sum overføringer		-21 073	-22 390

Vedlegg 1a - Rekneskap for IMS Holding

Indremisjonssamskipnaden Holding AS

Balanse pr. 31.12.

EIENDELER	Note	2023	2022
Anleggsmidler			
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i datterselskap	3	45 838 340	45 838 340
Sum finansielle anleggsmidler		45 838 340	45 838 340
Sum anleggsmidler		45 838 340	45 838 340
Omløpsmidler			
Sum omløpsmidler		0	0
SUM EIENDELER		45 838 340	45 838 340

Vedlegg 1a - Rekneskap for IMS Holding

Indremisjonssamskipnaden Holding AS

Balanse pr. 31.12.

EGENKAPITAL OG GJELD	Note	2023	2022
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital	4	30 000	30 000
Overkurs		45 708 282	45 729 354
Sum innskutt egenkapital		45 738 282	45 759 354
Sum egenkapital	5	45 738 282	45 759 354
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Annen kortsiktig gjeld		100 058	78 986
Sum kortsiktig gjeld		100 058	78 986
Sum gjeld		100 058	78 986
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		45 838 340	45 838 340

Ole Bernar Innvær
styrets leder

Marit Hårklau Ådnanes
daglig leder

Oddvar Martin Torget
styremedlem

Tordis Alette Østebø Thuestad
styremedlem

Vidar Stensletten Eik
styremedlem

Henriette Serine Bjørnevik
styremedlem

Hilde Karin Vedøy Eiken
styremedlem

Petter Lid
styremedlem

Vedlegg 1a - Rekneskap for IMS Holding

Indremisjonssamskipnaden Holding AS

Noter til årsregnskap 2023

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og NRS 8 - God regnskapsskikk for små foretak.

Selskapet er etablert i 2019 som en del av omorganisering av Indremisjonssamskipnaden.

Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring ved salg av varer og tjenester skjer på leveringstidspunktet. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, som innebærer at de medtas i samme periode som tilhørende inntekter inntektsføres. Kostnader som ikke kan henføres til spesielle inntekter medtas når de påløper.

Skatt

Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt beregnes med 22% på grunnlag av de midlertidige forskjeller som eksisterer mellom regnskapsmessige og skattemessige verdier, samt ligningsmessig underskudd til fremføring ved utgangen av regnskapsåret. Skatteøkende og skattereduserende midlertidige forskjeller som reverserer eller kan reverseres i samme periode, utlignes og nettoføres.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidler

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets økonomiske levetid. Varige driftsmidler nedskrives til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventes ikke å være forbigående. Gjenvinnbart beløp er det høyeste av netto salgsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av fremtidige kontantstrømmer knyttet til eiendelen. Nedskrivningen reverseres når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidler

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter balansedagen, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Aksjer i datterselskap

Investeringer i datterselskap er vurdert etter kostmetoden.

Nedskrivning til antatt virkelig verdi foretas dersom aksjene er utsatt for verdinedgang som ikke er forbigående.

Fordringer

Fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

Vedlegg 1a - Rekneskap for IMS Holding

Indremisjonssamskipnaden Holding AS

Noter til årsregnskap 2023

Note 1 Ansatte

Selskapet har ikke ansatte.

Note 2 Skatt

Det er ledelsens oppfatning at selskapet ikke driver skattepliktig virksomhet. Dette er begrunnet med det ideelle formålet selskapet har, selskapet sine vedtekter ellers, og at de aktivitetene som faktisk utøves virkeliggjør det ideelle formålet. Det er således ikke beregnet skatt på årets resultat.

Note 3 Investeringer i datterselskap

<u>Selskap</u>	<u>Resultat</u>	<u>Egenkapital</u>	<u>Balanseført verdi</u>	<u>Kommune</u>
Brandøy Misjons- og konferansesenter AS	-421 967	5 835 768	5 926 645	Vindafjord
Framnes Eigedom AS	619 087	36 470 386	35 089 823	Stord
Helgatun Fjellpensjonat AS	-2 005 160	5 234 007	4 821 872	Voss

Alle selskap er 100% eid.

Balanseførte verdier av aksjene er regnskapsmessig kostpris ved stiftelse.

Note 4 Aksjer og eierforhold

Aksjekapitalen er fordelt på 30 000 aksjer pålydende kr 1.
Samtlige aksjer eies av Indremisjonssamskipnaden.

Note 5 Egenkapitalendringer

	<u>Aksjekapital</u>	<u>Overkurs</u>	<u>Sum egenkapital</u>
Pr. 01.01.2023	30 000	45 729 354	45 759 354
Årets resultat		-21 073	-21 073
Pr. 31.12.2023	30 000	45 708 282	45 738 282

Vedlegg 1a - Rekneskap for IMS Holding

Indremisjonssamskipnaden Holding AS

Resultatregnskap

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2023	2022
Annen driftsinntekt		0	0
Sum driftsinntekter		0	0
Annen driftskostnad	1	21 073	22 390
Sum driftskostnader		21 073	22 390
Driftsresultat		-21 073	-22 390
Finansinntekter og finanskostnader			
Resultat av finansposter		0	0
Resultat før skattekostnad		-21 073	-22 390
Skattekostnad	2	0	0
Årsresultat		-21 073	-22 390
Overføringer			
Til/fra overkurs		-21 073	-22 390
Sum overføringer		-21 073	-22 390

Vedlegg 1a - Rekneskap for IMS Holding

Indremisjonssamskipnaden Holding AS

Resultatregnskap

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2023	2022
Annen driftsinntekt		0	0
Sum driftsinntekter		0	0
Annen driftskostnad	1	21 073	22 390
Sum driftskostnader		21 073	22 390
Driftsresultat		-21 073	-22 390
Finansinntekter og finanskostnader			
Resultat av finansposter		0	0
Resultat før skattekostnad		-21 073	-22 390
Skattekostnad	2	0	0
Årsresultat		-21 073	-22 390
Overføringer			
Til/fra overkurs		-21 073	-22 390
Sum overføringer		-21 073	-22 390

Vedlegg 1b - Kapitarforhøying Helgatun

KAPITALFORHØYING I HELGATUN FJELLPENSJONAT AS

OVERFØRING AV LEILEGHEITER I HELGATUNLIA OG MIDLAR TIL OPPGRADERING AV HELGATUN

Bakgrunn

IMS har halde att to av leilegheitane i Helgatunlia til eige bruk. IMS står i dag som eigar av desse, men ein ser det som mest tenleg at Helgatun Fjellpensjonat AS står som eigar i framtida. Leilegheitane er i dag brukt til utleige og eigne tilstellingar på Helgatun.

Det gjeld

- Leilegheit 1B-202 (andel 26) i Helgatunlia borettslag (bygg 1) til marknadspris 6,7 millionar.
- Leilegheit 2B-301 (andel 13) i Helgatunlia borettslag (bygg 2) til marknadspris 7,2 millionar.

Det me gjer no, som del av generalforsamlinga i Indremisjonssamskipnaden Holding AS, er å overføre leilegheitane frå IMS (foreining) til holdingselskapet, slik at dei kan overførast vidare til Helgatun Fjellpensjonat AS.

For å overføre leilegheitane på ein best mogleg måte, så rår ein til følgjande prosess:

1. Det vert inngått avtale om sal av andelar til marknadspris frå Indremisjonssamskipnaden (foreining) til Indremisjonssamskipnaden Holding AS. Kjøpesummen vert gjort opp ved seljarkreditt. Det er i samsvar med bindande førehandsuttale frå Skatteetaten at IMS kan selje andelar skattefritt.
2. Seljarkreditten vert konvertert til aksjekapital/eigenkapital i Indremisjonssamskipnaden Holding AS.
3. Det vert gjennomført ei kapitalauke (retta emisjon) ved tingsinnskot i Helgatun Fjellpensjonat AS der andelane vert overført frå IMS Holding til Helgatun Fjellpensjonat AS. Tingsinnskotet må sjåast som realisasjon i skattesamheng for IMS Holding, men gevinsten vert 0 sidan andelane er erverva til marknadspris, ref. punkt 1 over.

Ved eit ev. seinare sal av leilegheitane, vil salssummen tilfalla Helgatun Fjellpensjonat AS, som må skatte av ev. gevinst.

Forslag til vedtak

- a) Aksjekapitalen i Indremisjonssamskipnaden Holding AS vert auka frå kr 30 000 med kr 30 000 til kr 60 000 ved auke av pålydande frå kr 1 pr. aksje med kr 1 pr. aksje til kr 2 pr. aksje, til teikningskurs kr 463,3333 pr. aksje, der kr 462,3333 per aksje er overkurs. Samla teikningsbeløp er kr 13 900 000.
- b) Auke av pålydande vert teikna av eksisterande aksjonær, Indremisjonssamskipnaden.
- c) Auke av pålydande vert teikna i generalforsamlingsprotokollen.

Vedlegg 1b - Kapitalforhøying Helgatun

- d) *Aksjeinnskotet skal gjerast opp rett etter teikninga ved motrekning av fordring på kr 13 900 000 som Indremisjonssamskipnaden har mot Indremisjonssamskipnaden Holding AS. For nærare omtale av innskotet vert det vist til styrets utgreiing.*
- e) *Kapitalauken skjer ved auking av pålydande og påverkar såleis ikkje aksjane sine rettar.*
- f) *Utgiftene til kapitalauken er anslått til om lag kr 20 000. Utgiftene vert dekkja av selskapet.*

I samsvar med og på dei vilkår som går fram av vedtaket over, teiknar Indremisjonssamskipnaden seg for auke av pålydande på sine 30 000 aksjar i Indremisjonssamskipnaden Holding AS til kurs kr 463,3333 per aksje.

Vedlegg 2 - Årsmelding for IMS

Årsmelding IMS 2023

Kvar bok i Skrifta er innanda av Gud og til nytte i opplæring, formaning, rettleiing og oppseding i rettferd, så det mennesket som høyrer Gud til, kan bli fullt utrusta til all god gjerning. 2. Tim. 3, 17

Kva vel me å fylla oss med? Kven vel me å lytta til? Guds frykt reduserer menneskefrykt. Guds Ord er levande og verksamt. Det er nyttig til så mangt – slik at me kan bli utrusta til all god gjerning, som det står ovanfor. Guds Ord gir liv og håp. Det bygger karakter.

I samanhengen vår vil me alltid løfta opp Guds Ord. Den er like aktuell i dag – inn i kvardagen og livet vårt. «Ordet nær – mennesket nær», er mottoet til ImF. Så er det mange eksempel gjennom året, på nettopp dette; at me ynskjer å vera nær både Bibelen og menneske.

Korleis kan me gjera Jesus tilgjengeleg?

Det har vore fokus i fleire samanhengar siste året. Under KRAFT-konferansen peika Arne Skagen på at Jesus nytta kvinna ved brønnen til å nå ut. I dag søker han gjennom deg og meg. Me må ha antennene opne. Gud vil leia oss inn i situasjonar og til menneske. Så utfordra Cecilie Skår Holmgren oss på kven me har rundt oss – som me kan bety noko for. Du kan vera nøkkelen til å gjera Jesus tilgjengeleg rundt deg.

Korleis kan me gjera Jesus tilgjengeleg i dag, for menneske rundt oss? Også i leiar i IndremisjonsVenen, nr. 1 2024, er dette spørsmålet stilt, i den nye plantebrosjyren frå ImF og Framneselev seier at unge i dag ikkje nødvendigvis har valt Jesus vekk, men dei veit ikkje om han. Me ynskjer å stilla spørsmålet også framover. Svaret kan sjå ulikt ut. For nokon skjer det gjennom nye fellesskap, for andre i eksisterande fellesskap; gjennom møte, samtalegrupper og arrangement, ved basarar, i samtalar omkring tru, at me får vera åndelege medvandrarar. «For å oppretthalda familieforhold i store forsamlingar treng du fleire foreldre, åndelege fedre og mødre», er det sagt.

Måla arbeidet på frukter

Varme inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til Hans disiplar. I kor stor grad skjer dette i samanhengen vår? Det er blitt poengtert at ofte ramsar me i ei årsmelding opp alle arrangementa våre og kva me har gjort. Men me treng å sjå i kor stor grad me når mål og visjon for arbeidet vårt. Viss ikkje må me faktisk endra kurs. Det gjeld IMS, og det gjeld lokalt. No er det slik at noko av visjonen er vanskeleg å måla, og om fellesskapa våre er varme og inkluderande vil også vera subjektivt.

Like fullt opplever me at mange lærer kva det vil seia å vera etterfølgjarar av Jesus. Unge lærer av å vera leirleiarar, ConTeenNew-konfirmantar vert utrusta til å leva med Jesus, barn og unge blir kjent med kva tru er på leir, unge tar nye steg med Jesus på Pit Stop m.m. Ting skjer lokalt og på Framnes. Me opplever at me står i gode og store ting her.

Me er heldige som kan samlast til fellesskap omkring Guds Ord, enten det er i smågrupper eller storfellesskapet. Me hadde vore langt fattigare utan dette høvet. Ting skjer! Me modnast i trua. Unge og vaksne vert berørte. Me opplever også at eigne storsamlingar tenner ny gnist, og Guds Ord skapar noko nytt, eks frå IMS Sommarfest og Haustmøtehelga. Så er det alltid slik at me stadig kan «ta rik del i Herrens gjerning» (1. Kor. 15, 58).

Berekraftig arbeid – utrusta til teneste

Dette er eit tema som har vore mykje fokus på dei seinare åra, også i 2023. «Utrustande» er ein av verdiane våre, og har vore tema både under stabsdagar, styremøte og ulike samlingar. Skal me ha livskraftig indremisjonsarbeid, slik det er uttrykt i formålet, må neste generasjon med. Då bør me tenkja korleis me kan utrusta neste generasjon til å kjenna, elska og tena Herren.

Paulus seier noko om korleis dette kan skje i 2. Tim. 2,2. Paulus rekrutterte den unge lærlingen Timoteus. Timoteus hadde ikkje eit perfekt liv. Paulus tar like fullt tak i han, og seier noko om korleis dei kan forandra verda saman: «Alt du har høyrte av meg framfor mange vitne, skal du gje vidare til pålitelege

Vedlegg 2 - Årsmelding for IMS

menneske, som er i stand til å lære andre». «Disippelskap over fleire generasjonar» var også tema under IMS sitt årsmøte, der me samtalte rundt borda utifrå dette 2-2-2-prinsippet.

Alle har me noko me kan gi vidare. Slik har evangeliet alt blitt gitt vidare i mange generasjonar, også i indremisjonen. Det er meir berekraftig å fremma Guds rike ved å istandsetja andre til teneste; gjera andre til heltar, og heia dei fram, i staden for å tenkja alt Gud kan utretta gjennom meg. Du og eg er del av eit oppdrag som er større enn nokon av oss kan utretta på eiga hand, uansett kor begava me er. Jesus såg gáva i folk, gav dei rom og tru. «Som Far har sendt meg, sender eg dykk», sa han (Joh. 20,21). Korleis kan dette sjå ut i ditt liv?

Bøn

Mange i samanhengen vår løftar opp betydningen av bøn. Det poppar opp bøneprosjekt, samtidig som mange har hatt bønnesamlingar i mange år. Dette gjeld veldig mange bygder, og me kunne ha løfta opp fleire eksempel. På Fitjar bedehus er det til dømes heile tre bønnesamlingar i løpet av ei veke. I haust starta ein opp med «Kaffi, bøn og prat» på Gilje kvar måndag føremiddag. På Framnes kan opptil 60-70 ungdommar samlast til bøn kvar morgon. Bøn forandrar, tenner gnist og skapar håp, der alt håp synest ute. Alt startar med bøn!

Takk til deg som ber for bygd og lokalt arbeid og for IMS-arbeidet.

Satsingsområda

Fram til 2025 er dette satsingsområda våre:

- Fellesskapsvekst
- Leir
- Leiartrening

Me har sett opp mål/kjenneteikn for kvart satsingsområde innan 2025, samtidig som me kvart år har delmål me arbeider med.

I 2023 har me mellom anna:

- Tre forsamlingar som nyttar NaMu som verktøy for forsamlingsutvikling. Stadig fleire

vert kjent med dette.

- Dei fleste lag og forsamlingar får besøk minst to gongar i året, talarhjelp og oppfølging elles.
- Fleire forsamlingar er gjennom Ressursgrupper og nyoppretta Styresamlingar i nettverksordning der dei får hjarte for kvarandre, og kan etter kvart også vera ressursar for kvarandre.
- Me har bevisstgjort på opp, inn og ut-fokus både i forsamlinga og som enkeltmenneske.
- Det vert starta fleire livsnære grupper, noko som er eit mål under Fellesskapsvekst.
- konfirmantkull blir utrusta til å leva med Jesus.
- alle lokale leiarar får tilbod om ein stad dei kan utvikla seg; leiarkonferanse, ressursgruppe eller anna.
- Me har hatt fullteikna leir.

- Gjennom året har me fokus på tema som angår satsingsområda våre i IndremisjonsVenen, stabsmøte, konferansar m.m.

IMF-PROSESSEN

Under årsmøtet 2020 vart det vedteke å gå inn i ein forpliktande prosess saman med dei andre kretsane, for å sjå korleis organisasjonen kan strukturast for framtida for å vera best mogleg tenleg. Planen var å vera ferdig med prosessen til GF 2022. Så kom korona, og også andre faktorar har gjort at prosessen no skal få sin formelle avslutning under GF 2025.

Endring i kurs

I mars 2023 fekk prosessen sin restart. Den enkelte krets er fri til å finna sin eigen veg med tanke på organisering. ImF kan enda opp med ei blanding av kretsar, regionar og nettverk. Ny leiargruppe for prosessen er Runar Landro og Torgeir Lauvås, med John Torjus Eriksen som fasilitator. ImF vil bistå i å hjelpe kretsane til å finna den organisasjonsforma som best tener det lokale misjonsarbeidet.

Meir misjon – eit betre «vi»

Proessen vert vidare leia ut frå følgjande verdiperspektiv:

- Meir misjon

Vedlegg 2 - Årsmelding for IMS

- blir me eit betre «vi»?

Viktigare enn all omorganisering, er det at me samla sett blir i stand til å nå lenger ut med evangeliet enn me gjer i dag. Me gjer ikkje berre endringar som er til det beste for vår krets, me søker det som er til det beste for heile ImF.

Framdrift

Prosjektgruppa for ImF-prosessen i IMS har satt ned ei arbeidsgruppe bestående av Johannes Olsen, Andreas Våge og Marit Hårklau Ådnanes for å arbeida ekstra med korleis ei framtidig organisering av IMS kan sjå ut. Fram til årsmøtet i 2024 er målet at gruppa skal ha gjennomgått kretsarbeidet for å finna ut kva som gir meir misjon, og kva som hindrar misjon. Forslag til framtidig organisering skal leggst fram under IMS sitt årsmøte 20. april.

KRINSEN

IMS er ei samanslutning av lokale foreiningar, forsamlingar, lag og kontaktar. Ved utgongen av året var talet 124, fordelte slik:

- Indremisjonar 42
- Forsamlingar 6
- Kontaktar 24
- Kvinneforeningar 12
- Mannsforeningar 1
- Andre lag 1
- Kor 3
- Barnelag 23
- Ungdomslag 12

Talet har vore stabilt siste året. Per nyttår 2022 var talet 123. Ser me over tid, har me mista ein del lag sidan 2021, der korona har deler av skulda. Så har me også hatt inaktive lag på lista, bedehus er seld m.m.

ARBEIDARANE 2023

Takk til dyktige og engasjerte tilsette, som trufast står i ansvar og oppgaver dei er satt til.

Medarbeidarstab IMS:

Marit Hårklau Ådnanes (80 %)
Guri Bjørnevik (80 %)
Lise Marie Thuestad Litlabø (50 %)
Kåre Johan Hamre (60 %)

Marit Andresen Røen (30 %) til 01.09.,
så enkeltoppdrag
Synnøve Wold-Flokketvedt, (70 %) til 17.02.
Eirik Stensland (80 %)
Linda Aase (50 %)
Kristine Særsten, (75 %) frå 15.08.

Det har skjedd litt endringar i tilsette-staben gjennom året. Me var ein periode utan Ung-leiar i 2023, og fordelte då arbeidsoppgåver oss imellom etter beste evne. Frå 15. september kom Linda Aase og Eirik Stensland inn som Ung-leiarsteam. Gledelig var det også å få eit nytt ungt tilskot i staben ved Kristine Særsten frå 15. august.

Staben utfyller kvarandre godt i forhold til oppgaver, målgruppe ein likar å arbeida inn mot m.m. I starten på kvart haustsemester er det stabsdagar med viktig fellesskap og samtale om aktuelle tema. Dei to siste åra har me vore i leilegheit Helgatunlia. Tema som var oppe 14.-16. august var mellom anna leir og arrangement, leiartrening, fellesskapsvekst, generasjon z og dei unge me i dag skal nå, kall, og kva me er takknemlege for hos kvarandre.

Tilsett lokalt:

Knut Kvamme, Voss (60 %)
Sigrid Hilleren, Voss (10 %)
Ingrid Kvamme Friborg (10 %)
Vidar Sangolt, Norheimsund og Øystese (46 %)
Julie Haaberg, Norheimsund og Øystese (50 %), morspermisjon, i arbeid igjen frå 08.06.
Sølvi K. Mongstad, Norheimsund og Øystese (25 %) til 01.08.
Ingvild Løklingholm, Stord (100 %)
Hilde Kristin Teigland, Stord (40 %)
Eirik Stensland, Bømlø (20 %), 10 % frå 01.12.
Knut Fauskanger, Moster (20 %) fram til 01.03.
Ane Michaelsen, Moster (20 %) frå 01.03.
Serina Nøstbakken, Moster, prosjekt og 20 % frå 01.09.

Sjå egne meldingar for tilsette avdelingane våre.

Fritidsforkynnarar:

Tusen takk til alle frivillige som så velvillig stiller opp på talaroppdrag for IMS. Dette betyr

Vedlegg 2 - Årsmelding for IMS

mykje for IMS økonomisk, og er også til stor hjelp i travle periodar for å dekkja behov. Mange vert sendt ut frå IMS-kontoret, men fleire tar også på seg oppdrag etter direkte spørsmål lokalt. Desse har me ikkje oversikt over, og er ikkje med på lista her.

Desse har me hatt på lista i 2023:

Ola Malvin Lomheim, Ove-Kjell Sakseid, Ingvild Løklingholm, Håkon C. Hartvedt, Ingebrigt S. Sørffonn, Klaus Muff, Aksel Ingvard Johannessen, Solveig Norheim, Tor Espen Kristensen, Olav Eikemo, Jorunn Eikemo, Svein Bjarne Aase, Astrid og Lars Reinlund, Sara Brosvik, Knut Inge Røen, Annbjørg N. Våge, Silje Fyllingen, Arne Lindeklev, Toralf Steinsland.

Frå ImF-samanheng:

Håkon Garvo, Marit Stokken Berland, Jarle Berland, Helge Kleven, Kenneth Foss, Roald Evensen, Aud Karin Kjølvik Ringvoll, Ragnar Ringvoll, Runar Landro

Stor takk til alle som bidreg:

Me vil også retta stor takk til alle leiarar og talarar som har vore engasjert på leirar og ulike arrangement på Brandøy og Helgaton gjennom året.

I tillegg har mange deltatt med song og musikk under ulike arrangement, og på den måten vore med å gi inspirasjon og fornying.

ARRANGEMENT

KRAFT-konferanse 28. januar

Arne Skagen minna i sitt fellestema på kor mykje kraft det er i Den Heilage Ande. Hausten er moden rundt oss. Lukk opp augo! Me må ha antennene opne. Cecilie Skår Holmgren utfordra i si fellesøkt på kven som har betydd mest for trua vår i oppveksten, og kven me igjen kan bety noko for.

Dagen var elles fylt med aktuelle seminar omkring trusopplæring, evangeliet – Guds kraft til frelse, grafiske verktøy, kreativ formidling til barn, relasjonsbygging og rom for utvikling av nådegåvene. «Glimt til

inspirasjon» er etter kvart blitt eit fast innslag, der me får høyra frå lokalt arbeid.

Lovsong og fellesskap er også viktig ein slik dag. Godt over 60 personar var samla på Leirvik bedehus denne dagen. Konferansen har undertittel teneste- og leiarkonferanse, og me prøver å påpeika at den ikkje berre er for leiarar, men for ALLE interesserte.

SENDT – ikkje Forsamlingskonferanse

Sidan fleire frå IMS-samanheng var deltakarar på SENDT-konferansen i Bergen 16.-18. mars, vart det ikkje Forsamlingskonferanse i Norheimsund dette året. Den pleier å ligga i dette tidsrommet.

13 kyrkjesamfunn/organisasjonar står bak draumen om å sjå ein ny generasjon med menneske som ønsker å nå ut med evangeliet om Jesus i alle bygder, byar og nabolag i landet vårt.

IMS årsmøte

70 registrerte utsendingar møtte til årsmøte på Leirvik bedehus laurdag 22. april. Under utsendingsmøtet på Framnes i 2022 vart det vedteke ei prøveordning på to år der me skil utsendingsmøtet frå Sommarens Storsamling.

Før sjølve årsmøtedelen tok til, var det felles lovsong. I talen tok Marit Hårklau Ådnanes utgangspunkt i Johannes 17, der Jesus seier me skal gjera større gjerningar enn han. Dette kan visa til større omfang og rekkevidde. Korleis kan me istandsetja andre til teneste, og arbeida for at Hans rike skal bre seg? Med utgangspunkt i 2. Tim. 2,2 var dette også utgangspunkt for samtale seinare i årsmøtet.

Kjartan Mehammer og Randi Eiken Brekke var dirigentar. I tillegg til ordinære årsmøtesaker og orienteringar frå avdelingane var det under «samtale om arbeidet» fleire saker:

- **ImF-prosess**, der Johannes Olsen orienterte og Runar Landro via storskjerm.

- **Leirstøtte** til unge som ynskjer å reisa på leir, men der økonomien set ein stoppar for enkelte. Linda Aase la fram denne saka, og frå

Vedlegg 2 - Årsmelding for IMS

responsen i salen å dømme, var det stor støtte til å få på plass ei slik ordning.

- «**Disippelskap** over fleire generasjonar». Samtale rundt borda.

- Glimt frå lokalt arbeid:

1. Between Laurhammer, der dei har teke i bruk Awana v/Merete Økland Sortland
2. Ukrainske vener i forsamlinga v/Marit Espelid
3. Bønesamlingar for kvinner i Hardanger v/Herdis Austevoll
4. Alpha som ressurs v/Eli S. Tveitane

Det vart også opna for frie innlegg, der fleire nytta sjansen. Det var mange tilbakemeldingar etter årsmøtet på at dette hadde vore eit inspirerende og framtidsretta årsmøte.

IMS Sommarfest, Brandøy 16.-18. juni

For første gong vart det gjennomført IMS Sommarfest, som ei erstatning for tidlegare Sommarens Storsamling. Rundt 60 frivillige var i sving før og under arrangementet. På grusbanen vart det sett opp stortelt, der fellesmøta føregjekk. Veret var på vår side, og me fekk ein kjempesamling saman, der alle generasjonar var representerte.

Viggo Klausen hadde samlingar for barn, og også fellessamling laurdag kveld med fokus på Den Heilage Ande. Blant anna skal Den Heilage Ande hjelpe oss til å forstå, slik at Ordet blir levande for oss. Klausen engasjerte alle generasjonar og forklarte på ein levande måte.

Inga-Birgithe Sætre Knudsen hadde bibelsamlingar laurdag og søndag føremiddag. Ho peika på at Gud har gjort oss frie til å løfta blikket, men ofte kjenner me oss ikkje så frie likevel. Ofte kan me søkja om styrke frå verda i staden for den stilla og styrken som Gud kan gi. Inga-Birgithe delte også om «Rytmar som set fri».

Fredag kveld var det konsert med Morten Samuelsen og Sara Helen Romarheim Hetlebakke.

Runar Landro, Inga-Birgithe Sætre Knudsen og Viggo Klausen deltok også med interessante

og gode seminar. Laurdag kveld var det ein latterfylt «Walk down the Memory Lane» - med glimt og gløtt frå leirlivet.

Og ikkje minst fekk me vera med på Misjonstivoli med kjekke aktivitetar som hoppelott, bungee run, fotballdart m.m.

Brandøy diska opp med mykje god mat, og det var god tid til drøys over ein kaffikopp, avslapping i sola og ulike aktivitetar, nettopp slik me ynskte at Sommarfesten skulle bli; ein stad for fellesskap og påfyll for ALLE.

Pit stop, evangelisering under Tysnesfest

Også i juli dette året hadde me folk på plass i «teltet» under Tysnesfest. Her vert det servert kaffi, vaflar og Guds kjærleik. Veret var dessverre ikkje på topp desse dagane. Fordelen var at mange då søkte ly i teltet. Her fekk dei høyra kva Jesus hadde gjort på korset, og det vart gode samtalar med menneske som ikkje kjenner Jesus.

Det er Tysnes Indremisjon som arrangerer Pit stop og stiller med lokalt mannskap. IMS dekkar bidrag til OAC, som stiller med kreative formidlarar og samtalepartnarar desse dagane.

Haustmøtehelg 22.-24. september

Nytt av året var at den årlege Haustmøtehelga denne gongen var eit samarbeid mellom IMS, ImF Stord og Horneland Indremisjon. Tema for helga var «Bøn framfor alt» og talar var Oddvar Søvik.

Fredag kveld var det «Endeleg fredag» etter konsept frå Horneland. Folk strøymde inn dørene på Leirvik bedehus. Tema for kvelden var «Torinokledet – der tru og vitskap møtest». John-Inge Rolfsnes framførte eigenlaga låtar.

Laurdagen var det bibelundervisning i to økter med graut mellom måltida. «Når du ber» og «Når du ber for andre» var undertema denne dagen. Lovsong, fellesskap og høve for forbøn var også viktige ingrediensar denne dagen.

«Bønn er det viktigste arbeidet vi gjør i Guds rike fordi det er forutsetningen for alt annet»,

Vedlegg 2 - Årsmelding for IMS

sa Søvik m.a. søndagen. Bøn forvandlar og er eit mektig våpen, bøn gir kvile og bøn foreinar Guds folk.

Viktige arrangement elles:

På Brandøy:

Damehelg: 17.-19. februar

Brandøytreff: 24.-26. februar

Vårtreff: 24.-27. april

Påfyll – haustdagar for kvinner: 18.-20. september

På Helgatun er det gjennomført Familieleir Palmehelga, Sunnhordlandstreff, Damehelg, Friluftshelg (Pusterom og Jaktleir) og Helgatunhelg. Desse er Helgatun sine eigne arrangement.

Helgatun 50 år

Så må me ta med storhelga 12.-13. august, då det vart feira at Helgatun var 50 år. Fjellpensjonatet vart fylt opp av gjester til jubileumsfeiringa. Vossagospel og Knut Inge Røen deltok på jubileumskonsert laurdag kveld. Søndagen var det familiegudsteneste, der Svein Bjarne Aase og Kjerstin Stokken deltok.

Det var helsingar, tilbakeblikk og i samband med jubileet vart det også skrive jubileumsbok.

Helsingane laurdagen var «rause, sterke og både bakover- og framoverlente» - frå Venen nr 3. Fleire hundre tusen har overnatta på Helgatun i løpet av desse åra. Mange har reist rike frå Helgatun, rike på innsida. Mange har møtt Jesus, og vorte meir kjende med Jesus. Frammøtte fekk høyra om bestemora som var tilstades på opningsdagen for 50 år sidan, som igjen fortalde om bestemora si som hadde bedt om at torvmyrane måtte bli brukt til Guds rikes arbeid. Me ser at Gud har vore tilstades, og at Helgatun og gjester har vorte rikt velsigna.

Julemesse og basarar

Mange stader samlar julemesse og basarar fullt hus rundt i bygdene. Det er eit høve til å koma saman for bygdefolket, på tvers av

generasjonane. Evangeliet blir delt, og for IMS gir det også gode inntekter.

Tusen takk til alle som arrangerer basarar til inntekt for IMS. Me veit det ligg mange timars arbeid i å laga gevinstar, selja lodd og gjennomføra basar.

Etter at Førjulspressa på Tysnes er blitt til Førjulsbasar, har me i grunnen berre ei Julemesse igjen, og det er på Bremnes. Den har vandra rundt i ulike lokale. I år som i fjor var den på Laurhammer bedehus. Det var sal av kjekke heimelaga varer, og basar seinare på dagen. Det vart oversendt kr 120.000,- til IMS etter messa. Igjen, tusen takk for all jobb, både med julemessa, og de som steller i stand basarar lokalt.

Ressursgrupper

Sidan 2015 har me hatt ressursgrupper for lokale leiarar. Det er tre slike grupper; ei i Hardanger og to i Sunnhordland. Ei gruppe består av seks – åtte medlemmer og vert leia av dagleg leiar i IMS. Erfaringsutveksling og refleksjon omkring arbeidet er fokus, samt bøn for og med kvarandre.

Styresamlingar

Vanlegvis er det ressursgruppene treff to gonger per semester. Frå hausten 2023 vart me, etter dialog i gruppene, einige om ei ny ordning. Me har eitt ressursgruppetreff per semester der hovudleiar møter. Og ein gong i semesteret møtest lokalt styre til samling der ein har fokus på aktuelle tema. Første samling hadde me i september, ei samling på Stord og ei i Hardanger. Sju styre var representert på Stord, og fem i Hardanger.

Drøyer du innimellom om å ha meir tid saman med ditt lokale styre for å samtala om retning, løfta blikket, be for arbeidet, sjå moglegheiter og også bli inspirert av andre som står i liknande arbeid?

Slik starta invitasjonsmail som vart sendt til lokale leiarar.

Kvart styre sit saman og samtalar om aktuelle spørsmål. Det er veksling mellom undervisning og spørsmål til samtale rundt borda. Alle tar

Vedlegg 2 - Årsmelding for IMS

utgangspunkt i sin situasjon. Det er dei lokale sjølv som best kjenner kultur, forsamling og bygda dei bur i, og som også har beste løysinga på korleis koma seg vidare.

Samlingane vart noko ulike i september. Begge stader hadde me tema som gjekk på «Ut-fokus». Korleis kan me vera aktuelle og synlege for folk rundt oss?

Etter arbeidsøktene er det presentasjon frå kvar gruppe. Kva moglegheiter ser ein, og korleis kan dette sjå ut lokalt hos oss? Mot slutten av samlinga er det bøn for kvart styre.

MEDIA

www.indremisjonen.no og Facebook.

I skrivande stund har IMS si Facebook-side 1334 likarar, og vel 1700 følgjarar. Me prøver å nytta Facebook jamleg. Her er det lett å skapa engasjement og tilhøyr, både for arrangement og ting som skjer i samanhengen vår. Det er eit nyttig verktøy om me vil nå ut raskt med meldingar og promotera ulike arrangement. Så er det ein stad me kan nå langt ut, også med evangeliet, gjennom vitnesbyrd og bibelhelsingar.

Det krev ressursar å vera «på» i sosiale media. Det er eit stadig spørsmål kor mykje ressursar me skal nytta til dette. Nettsida vår er først og fremst tenkt som ein stad der me informerer om leir og ulike arrangement, og der ein finn påmeldingsskjema. Så skal det sjølv sagt vera lett å finna info om IMS her, om givarteneste, kontaktinfo m.m.

IndremisjonsVenen

Misjonsbladet vårt er eit viktig kontaktorgan ut til misjonsfolket, der me når ut til om lag 2.900 abonnentar.

Dei siste åra har bladet kome ut med fire nummer i året. Det opplever me er passeleg i forhold til ressursbruk, samtidig som me held kontakten med misjonsfolket. Ofte vert bladet lagt ut på facebook og nettside. Like fullt trur me at me enno i fleire år også treng eit fysisk blad.

Gjennom året får abonnentane tilsendt fire gåvegiroar, i tillegg til bladgåvegiro. I 2023

sendte me faktisk fem gåvegiroar, då det utpå hausten vart sendt ein ekstra gåvegiro inn mot Ung-arbeidet. I 2023 fekk me inn kr 144.250,- i frivillig bladgåve. Dette er om lag kr 14.500 mindre enn året før. Samtidig er det ein god del meir enn for mange år sidan. Då gav ei bladgåve gjerne kr 60.000,- i inntekt, og giro vart lagt inne i bladet. No vert giro sendt i eigen konvolutt.

Jan-Ove Fagerheim har ansvar for layout på bladet, og Marit Hårklau Ådnanes er redaktør.

FRAMNES

Heile 272 elevar starta på Framnes i haust. Sjølv om ikkje alle er heiltidselevar er det fantastisk at så mange får koma i livsforvandlande miljø, til staden der «Denne skulen er ein heim, og denne heimen er ein skule».

Nytt frå hausten av er tilbodet «Krigarane». Dette konseptet er utarbeidd av lærar på Lyngdal kvs og går ut på å etablere eit godt åndeleg fundament for elevane. Ellers er det bibelgrupper for elevane, onsdagsmøte og bønemandringar. Møta samlar fulle hus – med hengitte ungdomar, står det å lesa i rapport frå skulen. Og vidare: «Me er eit velsigna folk her på Framnes som kjenner at Gud både ser oss og utrustar oss».

Tusen takk til alle om lag 60 tilsette ved Framnes, som gjer sitt for at elevane skal ha fellesskap, framtid og vekst. Tusen takk til rektor Harald Voster, som styrer det heile, saman med eit velfungerande styre.

BRANDØY

Dei fleste helgene har vore booka, både til eigne leirar og arrangement, men også til utleige forsamlingar, konfirmantar m.m. IMS har gjennomført ni leirar på Brandøy, pluss fire arrangement for vaksne. Så vert Brandøy også nytta til minnesamver, bryllaup m.m. Det vert også drive litt cateringverksemd.

Det vart eit framifrå samarbeid omkring IMS Sommarfest på Brandøy i juni. Takk til Brandøy som tok på seg dette storarrangementet, og også har sagt ja i 2024.

Vedlegg 2 - Årsmelding for IMS

Tusen takk til styrrparet Andreas C. og Anbjørg Naterstad Våge som styrer skuta, og har framtidsvisjonar og ønske for Brandøy. Og takk til tilsette elles og eit engasjert styre, som står på.

HELGATUN

IMS har gjennomført seks leirar på Helgatun i 2023. Me er takknelege for at Helgatun la ting så godt til rette at me fekk gjennomført tweensleir og ungdomsleir før jul, trass at Helgatun var nedstengd. Me overnatta i leilegheitane, og hadde samlingar i aktivitetsrommet på Helgatun, samt mat i møtesalen. Juleverkstadleiren vart avlyst på grunn av oppgraderinga.

Også Helgatun vert nytta av ulike grupper og forsamlingar, både i eigen regi og andre kyrkjer og organisasjonar.

Arbeidarar frå Helgatunlia har hatt kost og losji nesten kvar veke fram til slutføringa på seinhausten.

Me gler oss over at Helgatun no er opprusta for framtida. Tusen takk til styrrpar Jorunn og Aksel Ingvard Johannessen, som har stått trufast ved roret til beste for Helgatun, også dette året. Det har vore ekstra løft i forhold til oppgraderinga, følgja opp Helgatunlia m.m. Tusen takk også til tilsette elles, som veit å trø til når dei må. Takk til styret og frivillige, som gjer ein stor innsats for at arrangement og drift skal gå sin gong.

SUNNBOK

Meir enn nokon gong treng me å byggast opp av kristen litteratur, i ei elles sekularisert verd. SunnBok er i så måte ein viktig reiskap. Gjennom SunnBok får du tak i alt du treng av kristen litteratur, musikkutstyr, rekvisita, pyntegjenstandar med meir. Fleire bedehus kjøper også forbruksartiklar gjennom butikken. Andre forsamlingar har «bokbord» frå butikken med sjølvbetening etter møteslutt. SunnBok har eigen nettbutikk. IMS og ImF Stord er hovudaksjonærar. Etter emisjon i 2022 er også Salem Moster, Laurhammer

Indremisjon, Kristtyrkja Stord og Kristent Fellesskap nye aksjonærar.

Tusen takk til dagleg leiar Silje Fyllingen, tilsett, frivillige medarbeidarar og styre for kreativitet og engasjement for butikken.

HELGATUNLIA

Eit fantastisk Helgatunlia-eventyr er ferdigstilt og går mot slutten. Seks bygg med 72 leilegheiter er bygde. Sju av desse står enno uselde, men fire av dei vert innreia av Helgatun for utleige.

Prosjektleiar Odd Inge Austevoll har avslutta og fullført sitt engasjement. Tusen takk for fantastisk arbeidsinnsats og god styring av prosjektet. Takk også til styret for Helgatunlia, med leiar Nils Tveite i spissen. Målet har heile tida vore å få størst mogleg overskot til utvikling av Helgatun. Det har vore fleire motbakkar i prosjektet. De har jobba intenst, og arbeid dykk igjennom utfordring etter utfordring. Stadig har de sett løysingar, og hatt fokus på framdrift. Tusen takk til alle involverte!

Alt som skjer av sal framover gir pluss i «kassen». Prosjektet har i stor grad hjelpt til med finansiering av oppgradering Helgatun, og framtidig sal skal generera gode pengar til utvikling av Helgatun.

Me viser elles til eigne årsmeldingar og rekneskap for avdelingane våre.

PLUSSREISER

Hovudkontoret til Plussreiser ligg i Ålesund, med avdelingskontor i Kristiansand og Stavanger.

Plussreiser sender meir enn 200 grupper på tur kvart år, som inkluderer om lag 8000 gjester frå heile landet. Turane går over store deler av verda, alt frå eksotiske reiser til fjerne himmelstrok, hjartegripande ferie på misjonsfelt, turar til Israel og Midtausten, pilgrimsturar m.m. Plussreiser kan også skreddersy aktuelle turar for deg og dine.

Vedlegg 2 - Årsmelding for IMS

IMS er eigarar i Plussreiser med 2 %, og eig m.a. saman med Sunnmøre Indremisjon, ImF, Normisjon og Det Norske Misjonsselskap.

I august vart det arrangert eigarmøte i Stavanger. Aud Kindervåg Halsne er dagleg leiar.

Sjekk gjerne ut www.plussreiser.no.

ØKONOMIEN

Sidan Helgatunlia no formelt er oppløyst, og ikkje fører eige rekneskap kjem dette med i IMS sin rekneskap, vert det meir rett å sjå nærare på driftsresultatet enn totale inntekter/utgifter. Overskot frå Helgatunlia skal hovudsakleg gå til å rusta opp og fornya Helgatun. Opprustinga tok ein til med i haust, og ein nærmar seg i mål dette arbeidet.

Årsrekneskapen viser eit underskot på kr 5.261.601,-, medan driftsresultatet, når me ikkje tar med Helgatunlia, er kr 677.536,- i minus. Året før var årsresultatet på kr 15.681.534,-. Dette var med bedehussal på kr 657.239,- og inntekt frå Helgatunlia på kr 15.224.619,-. Utan desse inntektene gav 2022 eit underskot på kr 200.324,- etter revisjon.

Gåver frå foreiningar og forsamlingar var i 2023 på kr 1.360.820,-. Dette er kr 76.055,- mindre enn i 2022. I starten på 2022 var landet nedstengd på grunn av covid, og inntektene var noko reduserte på grunn av dette. Det er difor bekymringsverdig at inntektene frå 2023 framleis var lågare enn året før.

I koronapandemien fekk me ei god auke i gåveaksjonane våre, altså gåver frå enkeltpersonar. Det har gjerne si naturlege forklaring med at folk då ikkje kunne samlast, og heller ikkje gi i kollektkorga? No har det meir stabilisert seg, og me er om lag tilbake på nivå før korona inntraff.


I gåveaksjonar (vår-, sommar-, haust- og julegåve) har det i sum kome inn slik dei siste fem åra:

2023	2022	2021	2020	2019
571.405	581.048	713.990	722.430	504.114

Fast givarteneste ser slik ut dei siste åra:

2023	2022	2021	2020	2019
1.190.438	1.246.495	1.262.074	1.269.190	1.133.618

Det vil vera eit viktig fokus framover å få fleire faste givarar. Me har tru for at dette er vegen å gå for å trygga økonomien til IMS. Samtidig opplever me det sit langt inne å forplikta seg til fast givarteneste. Antal faste givarar har halde seg ganske stabilt dei siste åra. I dag har IMS 170 faste givarar. Av desse er 150 stykker over 50 år. Den største gruppa (52 personar) er mellom 70-79 år.



Lønsutgiftene var på kr 3.003.431,-. Dette er kr 82.500 mindre enn budsjettet, og om lag kr 63.000,- meir enn året før.

Andre driftskostnader er på 7.933.780,-. Dette er inkludert kostnader med Helgatunlia.

Varm takk til deg som står med oss i arbeidet, også økonomisk. Det gjeld enkeltpersonar, lag og forsamlingar. Det er de som held arbeidet oppe, og som også er med og bestemmer breidden av engasjementet til IMS.

LÆRE- OG TILSYNSRÅD

Desse utgjør IMS sitt lære- og tilsynsråd: styreleiar i IMS; Ole Bernar Innvær, Olav Eikemo og Ingebrigt S. Sørfonn. Dagleg leiar har møte- og talerett.

Vedlegg 2 - Årsmelding for IMS

EIGEDOMSKOMITE

I 2020 vart det oppretta Eigedomskomite som tar seg av bedehussal og elles gir gode råd inn mot aktuelle område som omhandlar eigedom. Bernt Arild Gjøvåg, Ole Bernar Innvær og Oddvar Torget har vore i denne komiteen sidan starten, og me er svært takknemlege for innsatsen dei legg ned i dette arbeidet.

IMS-HUSET

Svein Bjarne Aase har hatt oppfølging av IMS-huset i veldig mange år. Til tider er det mykje jobb å forvalta og følgja opp huset. Tusen takk for velvilje og innsats i denne tenesta.

IMS-STYRET

Fram til årsmøtet i 2023 var styret samansett slik:

Ole Bernar Innvær – leiar
 Ragnhild Nesse – nestleiar
 Henriette S. Bjørnevik, Vidar S. Eik, Kjetil Harestad, Tordis Thuestad, Oddvar Martin Torget - styremedlemer,

Eldrid Hjelmeland Molland – 1. vara, Marianne H. Aarbø – 2. vara, Edmund Thormodsæter – 3. vara.

Etter årsmøtet 2023 var samansetjinga slik:

Ole Bernar Innvær – leiar
 Oddvar Martin Torget – nestleiar
 Henriette S. Bjørnevik, Vidar S. Eik, Hilde Karin Vedøy Eiken, Petter Lid, Tordis Thuestad – styremedlemer,
 Sven Tore Kulleseid – 1. vara, Marianne H. Aarbø – 2. vara, Ragnhild Nesse – 3. vara.

Styret har hatt 6 styremøte og handsama 71 saker. Saker på agendaen: økonomi- og budsjettarbeid, Helgatonlia, nye Helgaton, ulike arrangement, utsendingsmøte, tilsetjing, styreverv avdelingane, ImF-prosessen, IMS-huset og utleige, redusert betaling leirdeltakarar og samtale om arbeidet. Styret har hatt generalforsamlingar for avdelingane våre, og jamleg fått orientering om arbeidet på Brandøy, Helgaton, Helgatonlia, Framnes og

SunnBok. Ein gong i året møter me styra for Brandøy, Helgaton, Helgatonlia og Framnes.

TAKK!

Å ha eit engasjement gir mening til livet, og er vinn-vinn. Fleire har gitt uttrykk for nettopp dette.

Så hadde heller ikkje IMS gått vidare utan det enorme engasjementet som blir vist på så mange vis. Tusen takk til deg som trufast står med i arbeidet, enten det er i styrer, råd og komitear, i leiararbeidet, økonomisk, som praktisk hjelpar, som forkynnar, i ConTeenNew-arbeidet og ikkje minst i bønearbeidet.

Takk til alle tilsette som òg i 2023 har utført tenesta på ein så flott og trufast måte. Det gjeld IMS-tilsette, lokalt tilsette og tilsette ved avdelingane våre; Framnes, Helgaton, Brandøy, SunnBok og Helgatonlia.

Takk til Gud! IMS er først og fremst Hans verk og arbeid. Hans makt og styrke er veldig, må me ikkje gløyma det. HAN KAN, der ting ser umogleg ut for oss. Han går med i gleder og utfordringar. All ære til Gud!

Ole Bernar Innvær, leiar
 Oddvar Martin Torget
 Henriette S. Bjørnevik
 Vidar S. Eik
 Hilde Karin Vedøy Eiken
 Petter Lid
 Tordis Thuestad
 Sven Tore Kulleseid, 1. vara
 Marit Hårklau Ådnanes, dagleg leiar

Vedlegg 3 - Årsmelding for IMS Ung

Årsmelding for IMS-Ung 2023

Saman med alle dykk i dei lokale laga som er tilslutta IMS når me ut til fleire tusen barn og unge i vår krets kvart år. Det er me svært takknemlege for. Først og fremst takknemlege til Gud, men også til alle dykk som står på som lokale leiarar og som bær evangeliet om Jesus vidare til nye generasjonar. De gjer ein uvurderlig innsats, tusen takk!

Nå me ser tilbake på året 2023 så må me kunne seie at det har vore eit stabilt og etterlengta år. For våre leiar, arrangement og lagsbesøk så har det aller meste gått slik det vart planlagt.

Tilsette i Ung-avdelinga

Som du ser under så har det skjedd ein heil del endringar i Ung-staben i året som er gått.

Synnøve Wold-Flokketvedt slutta som Ung-leiar i starten av året. Tusen takk, Synnøve, for tida saman med oss.

Frå hausten av gjekk Linda Aase og Eirik Stensland inn som Ung-leiarar frå andre stillingar i Ung-avdelinga. Så fekk me også eit flott nytt tilskot i august når Kristine Særsten starta i jobben som ung-arbeidar.

Synnøve Wold-Flokketvedt
Ung-leiar i 70% ut februar

Linda Aase
Ung-leiar i 50% frå 15. september

Eirik Stensland
Ung-leiar i 80% frå 15. september

Lise Marie Thuestad Litlabø
Barne- og familiearbeidar i 50%

Kristine Særsten
Ung-arbeidar i 75% frå 15. august

Lagsarbeid

Ved utgangen av 2023 hadde me til saman 38 barne- og ungdomslag, fordelt slik:

3 barne- og ungdomskor
23 barnelag
12 ungdomslag

Dette er eitt mindre lag enn i 2022. Det er nokon lag som er lagt ned og andre som har starta opp. Det er gledeleg at me har fått eit par nye lag innmeldt hjå oss. Fleire lag har ikkje komen tilbake etter korona og nokre lag har blitt slått saman til eitt større.

Leir

2023	2022	2021
15 leirar	15 leirar	12 leirar
584 deltakarar	626 deltakarar	419 deltakarar
103 leiarverk	113 leiarverk	75 leiarverk

Leir er ein stor og viktig del av arbeidet vårt i IMS. Det er ein arena der kristne barn og unge kan få treffa fleire kristne enn dei kanskje treff heime og der ein får andeleg føde over fleire dagar. Det veit me betyr noko, me veit at det sett spor og me veit at Gud verkar også gjennom leir.

Leir er også ein stad der me møter mykje barn og unge som ikkje har så god kjennskap til Gud. Også her veit me at ei helg eller meir på leir vil gje noko på vegen vidare som er vanskeleg å resultatmåla, men som me veit skjer.

Som de ser i oversikten over antal deltakarar og leiarar så er me litt færre enn året før. Dette var diverre ein tendens også før korona og noko me stadig må jobba vidare med. For nokre så kan nok både økonomisk krevjande tider og nye vanar etter pandemi vera noko av grunnen til færre på leir, men det forklarar ikkje nedgangen får tide før korona.

Utan frivillige ville ikkje leir vore mogleg for oss å drive. I IMS er me heldige som har utruleg mange flotte frivillige som gjer ein stor innsats for barn og unge på leir. Tusen takk til alle dykk.

ConTeenNew

April 2023 konfirmerte 6 konfirmantar seg på Leirvik bedehus. Sjølv om me då var få er det kjekt å sjå at den geografiske spreinga er stor. Heilt får Skjold til Norheimsund. Hausten 2023 starta me opp med eit rekordkull på 18 nye konfirmantar.

ConTeenNew er IMS sitt konfirmantarbeid for heile kretsen. Me samlast ein gong i månaden

Vedlegg 3 - Årsmelding for IMS Ung

frå september til april og dreg på tre turar i løpet av skuleåret. ConTeenNew er arbeid som bær frukt og som me er stolte av å kunne tilby komande konfirmantar i vårt område.

Me er 6 leiarar i konfirmantarbeidet: Hilde Kristin Teigland, Kjetil Fyllingen, Kjerstin H. Stokken, Bernt Arild Gjøvåg, Solveig Gjøvåg og Eirik Stensland. IMS-Ung rettar ei stor takk til leiarane som har vore stabile gjennom fleire år. Så er også dette ei meningsfylt teneste. Ein får gå litt tettare med nokre få over eit år der Bibel og undervisning er det som står i fokus. Det gjer noko med konfirmantane, og med oss vaksne. Det er fantastisk å sjå den utviklinga konfirmantane har i denne tida.

Pit Stop

Pit Stop 2023 gjekk som normalt av stabelen i haustferien på Leirvik bedehus. Dette er eit flott arrangement som samlar ungdom frå fleire stader, hovudsakleg i den sørlege delen av IMS

Også dette året var Laget (NKSS) med oss heile helga. Dei bidrog sosialt og med seminar, blant anna «Grill ein kristen» som nærast har vorte til deira varemerke. Når ein har så mykje innhald inn i ei helg, så får ein alltid ein form for respons. Det er mykje bra på Pit Stop, men det mest spanande skjer nok på forbønnsrommet, noko dei færraste ser. Det er ofte slik at behovet for forbøn aukar etter kvart som møtehelga går. Dette gjaldt også i 2023 der me siste kvelden måtte sette inn dei ressursane me hadde tilgjengelege for å minska køen inn til forbønnsrommet. Ei slik lengsel og kollektiv respons samlar gode tårer i augo. Kvart år får ungdommar ta nye steg med Jesus, også hausten 2023.

IMS Sommarfest

Nytt av året i 2023 var IMS Sommarfest. Tidlegare ville dette vore ein del av årsmøte i IMS og Sommarens Storsamling. Årsmøte i 2022 valde å dela desse i to arrangement og IMS Sommarfest vart då eit stort familiearrangement med møter, seminar, aktivitetar med meir.

Dette vil me seia vart ein stor suksess. Det er kjekt å ha arrangement som samlar både store og små. Det har me for så vidt hatt lenge på både Helgatun og Brandøy, men dette vart også eit flott tilskot.

Du kan lesa meir om Sommarfesten i årsmeldinga for IMS. Me nøyer oss med å anbefala ein tur innom IMS Sommarfest i 2024.

Helsing

Igjen, takk til alle dykk som på ein eller annan måte bidreg inn mot barne- og ungdomsarbeidet i IMS, anten som forbedar, leiar eller økonomisk støttespelar. Tusen takk, på vegne av oss i IMS og på vegne av alle barn og unge i kretsen som nyt godt av dykkar innsats.

Heilt til slutt vil me gjerne få helse dykk med nokre vers frå 1. Kor. 12:11 og 27:

Alt dette gjør den ene og samme Ånd, som deler ut sine gaver til hver enkelt slik han vil... Dere er Kristi kropp, og hver av dere et lem på ham.

For IMS-Ung v/

Linda Aase og Eirik Stensland, Ung-leiarteam

Vedlegg 4 - Rekneskap for IMS

Årsrekneskapen viser (foreløpig) eit overskot på kr 3.643.652, medan driftsresultatet, når me ikkje tar med inntektene frå Helgatunlia, er kr 439.517,- i minus*. Året før var årsresultatet på kr 15.681.534. Dette var med bedehussal på kr 657.239,- og inntekt frå Helgatunlia på kr 15.224.619,-. Utan desse inntektene gav 2022 eit underskot på kr 200.324,- etter revisjon.

Indremisjonssamskipnaden

Resultatrekneskap

	2023	2022
Gåver, tilskot m.m.		
3200 Deltakaravgift leir	-757 822,50	-678 872,00
3201 Bussinntekter	-44 370,00	-26 840,00
3211 Bømlo kommune	-275 769,02	-275 093,12
3212 Etne kommune	-52 256,00	-37 638,75
3213 Fitjar kommune	-290 058,00	-271 405,00
3217 Kvam Herad	-81 865,50	-105 061,62
3218 Kvinnherad kommune	-190 524,75	-163 218,50
3220 Bjørnafjorden kommune	-57 190,60	-35 938,87
3221 Samnanger kommune	-36 867,05	-47 340,48
3222 Stord kommune	-172 650,58	-159 727,24
3223 Sveio kommune	-8 215,00	-30 986,00
3224 Tysnes kommune	-34 000,00	-81 000,00
3225 Ullensvang kommune	-53 870,50	-93 804,25
3226 Ulvik herad	-1 182,00	0,00
3227 Voss herad	-35 000,00	-83 759,37
3228 Vindafjord kommune	-71 370,25	-51 901,00
3230 Gjevarteneste	-1 190 438,24	-1 246 495,00
3232 Vårgåve	-149 300,00	-164 768,00
3233 Sommargåve	-111 540,00	-128 350,00
3234 Haustgåve	-172 730,00	-116 170,00
3235 Julegåve	-137 835,00	-171 760,00
3236 Ymse gåver	-20 310,00	-77 097,25
3237 Større møter/stevner	-79 141,06	-139 803,00
3238 Julemesser	-176 000,00	-108 000,00
3243 Gjevarteneste bedrifter	-72 000,00	-80 000,00
3246 Bladgåve IndremisjonsVenen	-144 250,00	-158 845,60
3249 Administrasjonstilskot	-115 000,00	-105 000,00
3252 Arrangement med inngangspenger	-20 600,00	-41 350,00
3253 ConTeenNew	-92 425,00	-123 472,00
	-4 644 581,05	-4 803 697,05
Leigeinntekter eigedom		
3605 Leieinntekt fast eiendom utenfor avgifts	-221 108,00	-338 504,00
3606 Straum à konto	-125 093,58	-247 220,30
	-346 201,58	-585 724,30
Annan driftsinntekt		
3239 BU-inntekter	-7 630,00	-16 541,81
3240 Annonseinntekter	-80 100,00	-81 800,00
3241 Veiledning	-27 000,00	-37 000,00
3400 MVA refusjon	-417 301,00	-357 009,00
3410 Andre offentlige tilskudd	-5 540,20	-21 179,16

Vedlegg 4 - Rekneskap for IMS

Indremisjonssamskipnaden

Resultatrekneskap

	2023	2022
3805 Resultat ved salg borettslagsandeler	0,00	-15 224 619,00
3900 Annen driftsrelatert inntekt	-16 000,00	-10 000,00
8410 Motteke erstatning	0,00	-24 120,00
8490 Annen ekstraordinær inntekt	-4 000,00	0,00
	-557 571,20	-15 772 268,97

Lønskostnader m.m.

5000 Lønn til ansatte	3 983 210,69	3 814 036,19
5020 Feriepenger	499 202,95	479 151,26
5251 Gruppelivsforsikring	18 459,96	18 855,68
5252 Ulykkesforsikring	8 659,80	6 823,08
5253 Uførekapital	65 690,73	56 497,51
5254 Yrkeskadeforsikring	764,67	838,08
5290 Motkonto for gruppe 52	-93 575,16	-83 014,35
5395 Annen oppgavepliktig godtgjørelse - ikke	300,00	1 500,00
5400 Arbeidsgiveravgift	592 367,18	574 871,69
5401 Arbeidsgiveravgift av opptjente feriepen	70 387,46	67 560,33
5420 Innberetningspliktig pensjonskostnad	299 185,96	249 047,15
5810 Refusjon av sykepenger	-174 787,00	-58 326,00
5830 Refusjon lønn TULT	0,00	-62 521,50
5832 ImF Stord refusjon lønn	-840 231,75	-796 026,43
5833 Voss refusjon lønn	-497 370,40	-391 998,60
5836 Helgatun refusjon lønn	-15 071,00	0,00
5837 Norheimsund/Øystese refusjon lønn	-517 854,63	-515 146,75
5842 Bømlo refusjon lønn	-121 120,88	-57 277,30
5844 Moster refusjon lønn	-286 427,65	-374 340,30
5890 Annen refusjon	-2 500,00	0,00
5900 Gave til ansatte, fradragsberettiget	1 865,00	0,00
5901 Gave til ansatte, ikke fradragsberettigte	3 034,00	0,00
5920 Yrkesskadeforsikring	9 241,00	9 470,00
	3 003 430,93	2 939 999,74

Avskrivning på driftsmidler

6010 Avskrivning på maskiner og inventar	62 000,00	62 000,00
	62 000,00	62 000,00

Annan driftskostnad

3805 Resultat ved salg borettslagsandeler	4 694 404,99	0,00
6320 Renovasjon, vann, avløp o.l.	81 013,76	59 389,55
6325 Sunde Bedehus	22 143,99	17 456,33
6340 Lys, varme	211 768,61	357 634,13
6360 Renhold	0,00	94,00
6390 Annen kostnad lokaler, alarm	9 612,81	14 333,75

Vedlegg 4 - Rekneskap for IMS

Indremisjonssamskipnaden

Resultatrekneskap

	2023	2022
6398 Driftskostnader Helgatunlia-prosjektet	15 920,00	0,00
6399 Driftskostnader uselde leilegheiter Helg	92 993,13	0,00
6420 Leie datasystemer, ImF InforNETT	27 136,00	30 799,00
6430 Leie andre kontormaskiner, kopi	32 922,85	33 070,73
6490 Annen leiekostnad, Tripletex	56 420,82	34 413,75
6551 Datautstyr (hardware)	6 378,00	12 130,50
6600 Reparasjon og vedlikehold bygninger	39 500,30	123 941,01
6620 Reparasjon og vedlikehold utstyr	0,00	1 596,10
6701 Honorar revisjon	103 250,00	100 500,00
6705 Honorar regnskap	4 909,00	0,00
6709 Søskenmoderasjon	630,00	0,00
6710 Misjonstilskudd	574 608,00	561 831,00
6711 BU-arbeid	22 609,50	40 900,97
6712 ConTeenNew	75 213,76	92 752,89
6713 Transport leir	107 064,00	57 344,00
6714 Innleige talar og songkrefter	31 674,00	49 577,36
6715 Møteutgifter	49 842,24	61 062,90
6718 Leir	707 312,06	590 957,80
6719 Leige hus/lys/lyd/utstyr arrangement	0,00	42 358,00
6725 Honorar for juridisk bistand, fradragsbe	0,00	2 220,94
6726 Honorar for juridisk bistand, ikke fradr	0,00	8 159,54
6800 Kontorrekvisita	36 794,50	19 513,80
6810 Data/EDB-kostnad	24 015,00	25 256,30
6840 Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	175,00	299,00
6890 Annen kontorkostnad	26 329,70	29 217,63
6894 Utgifter gaveaksjoner	92 639,96	116 524,82
6896 Kurs- og personalkostnader	61 302,28	47 041,02
6897 Markhus bedehus	0,00	25 923,53
6899 Ulvik bedehus	9 604,50	31 766,61
6900 Telefon	2 157,55	1 880,65
6940 Porto	20 000,00	1 056,00
7100 Bilgodtgjørelse oppgavepliktig	129 687,80	118 935,90
7140 Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	39 442,49	28 394,60
7310 Annonseutgifter	4 039,98	18 339,50
7320 IndremisjonsVenner	289 223,40	262 571,43
7420 Gave, fradragsberettiget	0,00	20 000,00
7500 Forsikringspremie	161 155,00	140 010,00
7740 Øredifferanser	-6,75	-7,49
7750 Eiendomsskatt	33 735,24	33 735,24
7770 Bank og kortgebyrer	20 996,16	17 448,62
7830 Konstaterte tap på fordringer	15 160,00	2 150,00
7839 Endring i avsetning for forv	0,00	-6 823,50

Vedlegg 4 - Rekneskap for IMS

Indremisjonssamskipnaden

Resultatrekneskap

	2023	2022
	7 933 779,63	3 225 757,91
Renteinntekt		
8050 Annen renteinntekt	-154 799,89	-57 822,32
8051 Renter lån Brandøy	-8 840,00	-3 750,00
8052 Renter lån Helgatun	-31 500,00	-33 000,00
	-195 139,89	-94 572,32
Annan finansinntekt		
8071 Aksjeutbytte	-800,00	-1 200,00
	-800,00	-1 200,00
Rentekostnad		
8150 Annen rentekostnad	7,00	153,18
	7,00	153,18
Skattekostnad		
8300 Betalbar skatt	6 677,00	5 257,00
	6 677,00	5 257,00
Sal av bedehus		
8440 Bedehussalg	0,00	-657 239,00
	0,00	-657 239,00
IMS-huset		
8901 IMS-huset	-256 936,67	-98 923,82
	-256 936,67	-98 923,82
Avsatt til egenkapital		
8900 Overføring av årsresultat	0,00	15 780 457,82
	0,00	15 780 457,82
Overføring frå annan egenkapital		
8900 Overføring av årsresultat	-5 004 664,17	0,00
	-5 004 664,17	0,00

Vedlegg 4 - Rekneskap for IMS

Indremisjonssamskipnaden

Balanse - spesifikasjon pr. 31. desember

	2023	2022
Eigedom		
1110 Gårdseiendom	987 000,00	1 029 000,00
1111 Bussterminal	353 000,00	373 000,00
	1 340 000,00	1 402 000,00
Inventar og utstyr		
1250 Inventar og datautstyr	100,00	100,00
	100,00	100,00
Aksjar i selskap i IMS-gruppen		
1300 Aksjar IMS Holding AS	45 838 340,00	45 838 340,00
1810 Aksjar SunnBok	122 500,00	122 500,00
	45 960 840,00	45 960 840,00
Aksjar i andre selskap		
1812 Aksjar Dagen	2 500,00	2 500,00
1813 Aksjar Mentor Medier AS	10 000,00	10 000,00
1814 Aksjar Plussreiser	24 000,00	24 000,00
	36 500,00	36 500,00
Lån til Brandøy Misjons- og konferansesenter AS		
1372 Lån til Brandøy	850 000,00	200 000,00
	850 000,00	200 000,00
Lån til Helgatun Fjellpensjonat AS		
1371 Lån til Helgatun	2 000 000,00	2 100 000,00
	2 000 000,00	2 100 000,00
Kundefordringer		
1500 Kundefordringer	552 087,79	245 343,67
1501 Kundefordringer i ÅO	1 026 128,75	0,00
1590 Avsetning tap på fordringer	-15 170,00	-15 170,00
	1 563 046,54	230 173,67
Andre fordringer		
1360 Utestående krav	20 000,00	0,00
1551 Mellomværende 1 BRL	-309 573,65	3 874 380,00
1553 Mellomværende 3 BRL	0,00	413 916,00
1554 Mellomværende 4 BRL	8 914 515,83	3 900 000,00

Vedlegg 4 - Rekneskap for IMS

Indremisjonssamskipnaden

Balanse - spesifikasjon pr. 31. desember

	2023	2022
1564 Mellomrekning lag og foreiningar	0,00	21 000,00
1749 Andre forskuddsbetalte kostnader	0,00	9 430,00
1770 Andre periodiseringer	425 092,00	452 872,36
1790 Mellomrekningskonto mnd/årsskifte	0,00	-873,75
1920 SOR 8220.02.80454 Drift	1 176 332,23	1 716 769,82
1930 SOR 8220.06.13275 IMS-huskonto	7 330,64	7 080,64
	37 908 287,85	21 721 371,98
Andelar i Helgatonlia Borettslag		
1350 Andelar i Helgatonlia BRL	35 000,00	150 000,00
	35 000,00	150 000,00
Bankinnskott, kontanter o.l.		
1931 SOR 3000 54 19634 Helgatonlia	1 328 770,95	1 224 002,46
1935 SOR 3000.37.44457 Testamentarisk	27 526,23	123 501,20
1937 SPV 3520.05.01622 Innskudd	68 022,84	1 609,84
1938 SOR 3000.25.65656 Bedehussal	2 472 803,25	3 024 151,12
1940 DnB/Postbanken	17 527,66	17 527,66
1950 Bankinnskudd for skattetrekk	160 624,00	149 186,00
	4 075 274,93	4 539 978,28
Fri egenkapital		
2010 Egenkapital	-70 030 690,79	-75 035 354,96
	-70 030 690,79	-75 035 354,96
IMS-huset		
2090 IMS-huset	348 912,85	91 976,18
	348 912,85	91 976,18
Evangeliseringsfond		
2080 Evangeliseringsfond	-291 088,00	-291 088,00
	-291 088,00	-291 088,00
Gjeld til kredittinstitusjonar		
2360 Byggelån Helgatonlia 4	-5 749 059,89	0,00
2361 Byggelån Helgatonlia 6	-14 631 514,16	0,00
	-20 380 574,05	0,00
Leverandørgjeld		
2400 Leverandørgjeld	-317 425,92	-273 130,77
2401 Leverandørgjeld i ÅO	-2 155 277,02	0,00
	-2 472 702,94	-273 130,77

Vedlegg 4 - Rekneskap for IMS

Indremisjonssamskipnaden

Balanse - spesifikasjon pr. 31. desember

	2023	2022
Betalbar skatt		
2500 Betalbar skatt, ikke utlignet	-6 677,00	-5 257,00
	-6 677,00	-5 257,00
Skuldige trekk og offentlige avgifter		
2600 Forskuddstrekk	-160 624,00	-149 186,00
2770 Skyldig arbeidsgiveravgift	-121 778,79	-114 225,79
2780 Skyldig arbeidsgivaravgift av feriepenge	-67 589,48	-67 589,48
2785 Påløpt arbeidsgiveravgift på ferielønn	-2 827,13	0,00
	-352 819,40	-331 001,27
Påløpt ferieløn		
2940 Skyldig feriepenge	-499 409,99	-479 358,30
	-499 409,99	-479 358,30
Anna kortsiktig gjeld		
1365 Forskuddsbetalinger	-50 400,00	-4 200,00
1562 Mellomrekning Brandøy	-33 600,00	-13 550,00
	-84 000,00	-17 750,00

Vedlegg 5 - Orientering - Framnes KVGS

Framnes KVGS

Arbeidet blant elevane på fritida

Me har hatt god tilgang på miljøarbeidarar. Dei er veldig flinke og ein svært mektig ressurs i arbeidet mellom elevane på fritida.

Møta er til stor glede for elevane, og fleire og fleire av elevane våre ynskjer å samlast for å høyre og dele Guds ord. På møta er det elevane sjølve som står for musikk og song, og tar elles del i det praktiske i ulike tenestegrupper.

I tillegg til desse faste møta, vert det kvar morgon arrangert bønne-stund av elevane.

Nytt av året er at elevane samlar seg i smågrupper kalla «krigerne» kvar tysdag frå 15.30 til 16.30. Bønn, vedkjenning, brorskap og undervisning er dei fire momenta som går att i alle samlingane. Gutane samlast for seg og jentene for seg. Jarle Mong seier om dette:

«Det å ha noen rundt seg som har forpliktet seg til å holde sammen, be for hverandre, lytte til hverandre og oppmuntre hverandre gjør definitivt noe med et miljø. For mange har disse gruppene blitt den første arenaen de har hatt hvor de kan snakke ærlig og åpent om livet. Her får man forbønn, støtte, blir bekreftet og ikke minst minnet om syndenes forlatelse.»

Idrettshallen vår er mykje i bruk. Kva skulle me gjort utan den?! Det er ofte ein straum av elevar og «bygdisar» i gangane til og frå aktivitetar. Elevane våre er flinke, viser seg fram og gjer det godt på sine arenaer. Særleg var det kjekt med volleyballgruppene som hevda seg høgt i NM-volleyball for vidaregåande skular.

Økonomi

Rekneskapen er ikkje ferdigstilt av revisor. Foreløpig samla resultat er kr 2 325 000,-. Av dette er

kr 2 540 000 gåver. Me er svært takksame for alle gåver. Me har også auka omsetninga på «sommardrifta» i 2023 med eit nytt arrangement for konfirmantar i regi av KFUK/M i haustferien.

Takk

Me er takksame for arbeidet me får stå i på Framnes. Ikkje minst er me takksame for å ha indremisjonen i ryggen. Me møter berre velvilje og godord når me har spørsmål eller fordringar å kome med. Tusen takk for godt og verdfullt samarbeid!

Miljøarbeidarane på Framnes



Vedlegg 6 - Orientering - Framnes Eigedom

Årsmelding for Framnes Eigedom AS 2023

Organisasjonsnummer 922 267 332

Framnes Eigedom AS har til føremål å eiga, leiga ut og forvalta eigedomen «Framnes» i Norheimsund til det beste for Framnes Kristne Vidaregåande Skule, for på den måten å vekkja dei unge og å halda oppe eit sant kristeleg liv hjå dei på Guds ords grunn i truskap mot vedkjeninga åt den evangelisk lutherske kyrkja.

Skulen, Framnes KVGS, vert driven av Indremisjonssamskipnaden og Indremisjonsforbundet med 50 % kvar, og skuledrifta leiger eigedomen med bygningar av Framnes Eigedom AS.

Styret og tilsette

Styre for Framnes Eigedom AS er til ei kvar tid samanfallande med styret for Indremisjonssamskipnaden, og dagleg leiar er dagleg leiar for Indremisjonssamskipnaden.

Framnes Eigedom AS har ikkje egne tilsette.

Rekneskap

Framnes Eigedom AS sine inntekter er husleige frå Framnes KVGS. Utgiftene er i hovudsak driftstilskot til skuledrifta, revisjonshonorar og juridisk bistand. I tillegg kjem administrasjonstilskot til IMS som inneber administrasjon og rekneskapsføring for Framnes Eigedom AS.

Koronasituasjonen dei siste åra har vore utfordrande for mange. Den har spesielt gått ut over Brandøy Misjons- og konferansesenter AS, dei fekk eit lån på kr 650.000,- i 2020, og dette vart utvida med kr 100.000,- i 2021. I 2023 vart eit «koronalaan» Brandøy hadde i Sparebanken Sør omgjort til lån hos Framnes Eigedom. Lånet vart slått saman med eksisterande lån Bran årsskifte kr 1.350.500,-. Lånet ver 4.

I 2021 vart det gjeve eit kortsiktig lån på kr 3.000.000,- til Indremisjonsforbundet, eit lån som skulle nyttast i forbindelse med bygging av Sjøholt Folkehøgskule. Lånet er balanseført i Sjøholt Eigedom AS, og skulle tilbakebetalast i 2021, etter utsetjingar av tilbakebetaling er lånet forventa nedbetalt innan 01.05.2024.

Rekneskapen for 2023 viser eit overskot på kr 619.087,-. Dette føreslår styret å leggja til annan eigenkapital.

Framnes Eigedom AS er balanseført med kr 36.471.771,-.

Likestilling

Styret består av 4 menn og 3 kvinner.

Stord 17.04.2024

Ole Bernar Innvær
Styreleiar

Oddvar M. Torget
Nestleiar

Vidar S. Eik
Styremedlem

Tordis A. Ø. Thuestad
Styremedlem

Henriette S. Bjørnevik Petter Lid
Styremedlem

Styremedlem

Hilde Karin Vedøy Eiken
Styremedlem

Vedlegg 6 - Orientering - Framnes Eigedom

Framnes Eigedom AS

Resultatrekneskap

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	NOTER	2023	2022
Leigeinntekt		4 006 610	3 727 080
Sum driftsinntekter		4 006 610	3 727 080
Avskrivning på driftsmiddel	1	1 437 000	1 430 413
Annan driftskostnad	2	2 151 270	2 108 938
Sum driftskostnader		3 588 270	3 539 351
Driftsresultat		418 340	187 729
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Renteinntekt		197 165	115 790
Annen finansinntekt		3 582	0
Resultat av finansposter		200 747	115 790
Resultat før skattekostnad		619 087	303 519
Skattekostnad	3	0	0
Årsresultat		619 087	303 519
OVERFØRINGER			
Avsatt til egenkapital		619 087	303 519
Sum overføringer		619 087	303 519

Vedlegg 6 - Orientering - Framnes Eigedom

Framnes Eigedom AS

Balanse pr. 31. desember

EIGEDELAR	NOTER	2023	2022
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygninger og annen fast eigedom	1	27 307 000	28 717 000
Inventar og utstyr	1	227 000	254 000
Sum varige driftsmiddel		27 534 000	28 971 000
Finansielle driftsmidler			
Part i Vikøy Vasslag		35 000	35 000
Andre langsiktige fordringer	4	1 350 500	710 500
Sum finansielle anleggsmidler		1 385 500	745 500
Sum anleggsmiddel		28 919 500	29 716 500
Omløpsmidlar			
Fordringer			
Andre kortsiktige fordringer	4	3 172 168	3 094 798
Sum fordringer		3 172 168	3 094 798
Bankinnskott, kontanter o.l.		4 380 103	3 041 249
Sum omløpsmidlar		7 552 271	6 136 047
SUM EIGEDELAR		36 471 771	35 852 547

Vedlegg 6 - Orientering - Framnes Eigedom

EIGENKAPITAL OG GJELD	NOTER	2023	2022
Eigenkapital			
Innskutt eigenkapital			
Aksjekapital	5	30 000	30 000
Overkurs		34 675 260	34 675 260
Sum innskutt eigenkapital		34 705 260	34 705 260
Opptent eigenkapital			
Annen eigenkapital		1 765 126	1 146 039
Sum opptent eigenkapital		1 765 126	1 146 039
Sum eigenkapital	6	36 470 386	35 851 299
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 385	1 249
Sum kortsiktig gjeld		1 385	1 249
Sum gjeld		1 385	1 249
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		36 471 771	35 852 547

Ole Bernar Innvær
styreleiar

Marit Hårklau Ådnanes
dagleg leiar

Oddvar Martin Torget
styremedlem

Tordis Alette Østebø Thuestad
styremedlem

Vidar Stensletten Eik
styremedlem

Henriette Serine Bjørnevik
styremedlem

Hilde Karin Vedøy Eiken
styremedlem

Petter Lid
styremedlem

Vedlegg 6 - Orientering - Framnes Eigedom

Framnes Eigedom AS

Noter til årsrekneskap 2023

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapsloven og god rekneskapsskikk for små foretak.

Selskapet blei stifta i 1.1.2019 ved at eigedelar og gjeld knytta til verksemda til Framnes Eigedom vart nytta som tingsinnskot i selskapet, ved omorganisering av dei ulike delane til Indremisjonssamskipnaden.

Eigedomsverksemda er tidlegare utskild frå dåverande Framnes Folkehøgskule si drift ved at eigedelar og gjeld er overteke pr. 1.7.1997 til bokførte verdjar. Skulen betalar ordinær markedsleige.

Generelle reglar for registrering av inntekter og kostnader

Inntektsføring av husleige skjer i den periode husleigen gjeld for. Kostnader vert tekne med etter samanstillingsprinsippet, som inneber at dei vert med i same periode som tilhøyrande inntekter vert inntektsført. Kostnader som ikkje kan henførast til særskilt inntekt, vert kostnadsført når dei er pådregne.

Klassifisering og generell vurdering av balansepostar

Eigedelar til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmiddel. Eigedelar som er tilknytta tenestekrinsløpet er klassifiserte som omløpsmiddel. Fordringar vert klassifiserte som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast innan eitt år etter balansedagen. For gjeld er analoge kriterier lagde til grunn.

Omløpsmiddel er vurderte til lågeste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskost. Varige anleggsmiddel som vert forringa i verdi vert avskrivne over forventa økonomisk levetid. Anleggsmiddel vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ein ikkje ventar er forbigåande.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel er balanseførte og vert avskrivne over driftsmidla si forventa levetid dersom levetida er rekna til å vera over 3 år og dei har ein kostpris som overstig kr 15 000. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løpande under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar vert lagde til driftsmiddelets kostpris og vert avskrivne i takt med driftsmiddelet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring vert rekna i høve til driftsmiddelets stand ved kjøp av dette.

Skattemessige tilhøve

Selskapet si verksemd er ikkje skattepliktig. Dette grunna det ideelle føremål selskapet har, og fordi dei aktivitetane som utøvast, verkeleggjer det ideelle føremålet.

Vedlegg 6 - Orientering - Framnes Eigedom

Framnes Eigedom AS

Noter til årsrekneskap 2023

Note 1 Anleggsmidler

	Eigedom	Inventar/utstyr	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01.23	61 388 490	1 514 194	62 902 684
= Anskaffelseskost 31.12.23	61 388 490	1 514 194	62 902 684
Akkumulerte avskrivninger 31.12.23	34 081 490	1 287 194	35 368 684
= Bokført verdi 31.12.23	27 307 000	227 000	27 534 000
Årets ordinære avskrivninger	1 410 000	27 000	1 437 000
Økonomisk levetid	10-70 år	10 år	

Note 2 Godtgjersler m.m.

Styret / administrasjon

Det er ikkje utbetalt godtgjersle til styret.

Eininga har ikkje egne tilsette.

Administrasjon vert ivareteke av IMS, som har motteke kr 75 000 i godtgjersle.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2023 utgjør kr 16 500.

I tillegg kjem honorar for andre tenester med kr 10 300.

Beløpa er ekskl. meirverdiavgift.

Driftstilskot

Inkludert i annan driftskostnad er kr 2 040 000, som er gjeve som tilskot til drifta av Framnes Kristne Vidaregåande Skule.

Note 3 Skatt

Sjå under omtale av rekneskapsprinsipp.

Note 4 Fordringar

Langsiktig fordring er lån til Brandøy Misjons- og konferansesenter AS.

Lånet skal tilbakebetalast med fast månedlege terminar fra og med 01.01.2024.

Det er ikkje sikra med pant.

Anna kortsiktig fordring er lån til Sjøholt Eiendom AS. Lånet, som rentebereknast, er forventa nedbetalt innen 01.05.2024, og er sikra med garanti fra Indremisjonsforbundet.

Vedlegg 6 - Orientering - Framnes Eigedom

Framnes Eigedom AS

Noter til årsrekneskap 2023

Note 5 Aksjar og eigartilhøve

Aksjekapitalen er delt på 30 000 aksjar lydande på kr 1.
Alle aksjar er eigd av Indremisjonssamskipnaden Holding AS.

Note 6 Eigenkapitalendringar

	<u>Aksjekapital</u>	<u>Overkurs</u>	<u>Annan eigenkapital</u>	<u>Sum eigenkapital</u>
Pr 01.01.2021	30 000	34 675 260	1 146 039	35 851 299
Årets resultat			619 087	619 087
Pr. 31.12.2023	30 000	34 675 260	1 765 126	36 470 386

Vedlegg 7 - Orientering - Brandøy



Årsmelding Brandøy Misjons- og konferansesenter AS 2023

Org. nr. 922 268 886.

Brandøy har no avslutta sitt 57. driftsår. Verksemda driv leirstad på Bjoa i Vindafjord kommune.

Leirstaden vart vigsla i august 1966, og har gjennom alle desse åra hatt stor verdi for dei mange tusen som har vore på besøk her. Nokre er innober berre ein gong på ein leir, ei lagssamling, eit bryllaup eller i eit anna høve, medan andre er her fleire gonger i året.

Aktivitet

Aktivitetsnivået var gjennom 2023 i det store og heile tilbake til normalen etter koronapandemien. Det var likevel litt laber aktivitet i februar og mai. Men generelt var dei andre månadene innhaldsrike. Av arrangement som Indremisjonssamskipnaden eller Brandøy sjølv har hatt ansvar for, har det vore 15 leirar og arrangement. Ein ungdomsleir vart avlyst grunna for få påmelde. 19 andre helger gjennom året var Brandøy leigd ut til lags- og forsamlingsweekendar og konfirmantleirar.

Gjennom året har det vore 4 919 overnattingar (mot 2022: 4 316, 2021: 2 364, 2020: 1 750), og 597 personar på dagsbesøk (mot 2022: 351, 2021: 218, 2020: 252).

Nytt av året var IMS Sommarfest i midten av juni. Brandøy samarbeida tett med IMS om helga, og me fekk god hjelp av frivillige på førehand, og særleg til gjennomføring av helga. Svært mange har gitt positive tilbakemeldingar på arrangementet. Det har vore inspirerende å få jobba tett med komitéen, tilsette i IMS, Brandøystyret, og meir eller mindre lokale frivillige som saman har lagt ned mykje tid og krefter rundt IMS Sommarfest. Me er takknemlege for å få løfta saman med kvarandre, og for at helga fekk bety mykje for mange. Brandøy har sagt ja til å vera vertskap for IMS Sommarfest også i 2024.

Det er fint å sjå at mange barn reiser på leir òg dette året! Me veit at det trengs langt meir enn ein leirplass for å ha leir. Det trengs til dømes mange nok leiarar, villige foreldre, forsamlingar som prioriterer å ha fokus på leir, givarar til både Brandøy og IMS, forbedarar, sjåførar, - og ikkje minst barn som ynskjer å reise på leir. Og sjølv om rammene rundt leir er etablerte, er det framleis ikkje ei sjølvfølgje at leirane fyllest opp. Gjennom året har vi hatt både fulle leirar og leirar med god plass. Takk til alle som er ein del av det store apparatet rundt leirane!

Utstyr/bygningar/uteområdet

På byrjinga av året vart kjellaren i eine leilegheita ferdig pussa opp, med tre nye gjesterom og eit bad. Det har vore ei dugnadshelg dette året, samt mykje dugnadsinnsats i samband med klargjering til IMS Sommarfest. På uteområdet har det blitt laga platting rundt trampolina, laga ny bubilparkering med framlagt straum.

Gåver

Det er gledeleg å sjå at det framleis kjem godt med gåver. Det har vore kjærkome. Totalt er det motteke om lag kr. 892 000,- (mot 2022: 960 000,- 2021: 742 000,- 2020: 855 000,-). Me har òg fått ei varmpumpe til stova. I tillegg er motteke 60 stolar og 12 bord til møtesalen, samt mykje kjøkenutstyr i gåve frå Sunde bedehus.

Vedlegg 7 - Orientering - Brandøy



BRANDØY
Misjons- og konferansesenter

I hovudsak kjem gåver frå privatpersonar, offer i kyrkjer, samt minnegåver. Gåver frå lag og foreiningar går framleis ned, men den faste gjevartenesta har auka, noko som gjev oss større forutsigbarhet i arbeidet.

Styret er glade for alle dei gåvene som kjem inn gjennom året. Dette viser ei gjevarglede og eit storsinn som varmar oss som har ansvar for plassen. Utan desse gåvene hadde det ikkje vore mogleg å drive Brandøy.

Personalet

Tilsette har i året vore Andreas C. Våge (20 %) som dagleg leiar. Daria Holowinska (100 %), Annbjørg N. Våge (70 %) og Anita Ivesdal Frafjord (60% frå april).

I tillegg har me hatt fleire timetilsette som hjelper oss under tilstellingar og med vedlikehald: Celine Berntsen, Hanna Landro, Synne Genberg, Arve Erichsen, Fredrik Pedersen, Linda Aase, Oliwia Tomaszewska, Leonora Fauskanger, Signe Hestad, Torbjørn Hamre og Dag Olav Berge.

Rekneskap

2023 er femte år Brandøy er organisert som eit sjølvstendig aksjeselskap, 100% eigd av Indremisjonssamskipnaden Holding AS.

Rekneskapen syner eit underskot på kr. 421 967,-. Det er investert for kr. 142 780,- og avskrivingar utgjer kr. 430 366,-. Avdrag på lån har vore kr. 452 912,-. Det har såleis vore ein negativ kontantstraum på kr. 587 293,- i 2023. Det er teke opp nye lån på totalt 1,3 millionar internt i konsernet, delvis for å refinansiere dyr bankgjeld. Heile året har børe preg av ein svært stram likviditetssituasjon, grunna dei store låneavdraga si i hovudsak er på lån frå korona-tida. Men Brandøy har ein eigenkapitalandel på 53,94 % og er eit solid selskap.

Det er til saman motteke 69 000,- i straumstøtte. Me er glade for at ein del av straumkostnadane våre vart kompensert. Samtidig ser me at prisstiginga gir oss ein betydeleg lågare driftsmargin, då me ikkje kan setje opp prisane våre over natta.

Styret meiner at rekneskapen gjev eit rett bilete av Brandøy sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat. Årsrekneskapen for 2023 er sett opp under føresetnad om framleis drift.

Arbeidsmiljø og likestilling

Styret meiner arbeidsmiljøet på Brandøy er tilfredsstillande. Det har vore ein skade i løpet av året som førte til sjukemelding.

Brandøy har hatt 4 fast tilsette, der 1 er mann og 3 er kvinner. Styret har ut frå ei vurdering av talet på tilsette ikkje funne det naudsynt å iverksette spesielle tiltak med omsyn til likestillinga.

Ytre miljø

Brandøy forureinar ikkje det ytre miljø.

Disponering av resultat

Verksemda har for 2023 hatt eit underskot på kr 421 967,-, som styret føreslår å legge dekke inn frå den frie eigenkapitalen.

Takk

Vedlegg 7 - Orientering - Brandøy



BRANDØY
Misjons- og konferansesenter

Brandøystyret vil takka for alle gaver og støtte, all dugnadsinnsats som vert lagt ned, både gjennom dugnadshelger, vaktmeistersteneste og elles gjennom året. Takk til alle som bed for arbeidet på Brandøy. Det har i 2023 vore 4 styremøte og det er handsama 28 saker.

Bjoo, 5.2.24

I styret for Brandøy Misjons- og konferansesenter

Ingrid Tveit
styreleiar

Ole Bjarte Fylkesnes
nestleiar

Jan Ove Fagerheim
styremedlem

Leiv Karsten Medhaug
styremedlem

Elisabeth S. Gregersen
styremedlem

Andreas C. Våge
dagleg leiar

Vedlegg 7 - Orientering - Brandøy

Brandøy Misjons- og Konferansesenter AS

Resultatrekneskap

DRIFTSINNETEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	NOTER	2023	2022
Salsinntekt m.m.		3 651 293	3 349 346
Annan driftsinntekt	1	166 282	280 022
Sum driftsinntekter		3 817 575	3 629 368
Varekostnad		861 180	795 756
Lønnskostnader m.m.	2	1 710 408	1 558 411
Avskrivning på driftsmiddel	3	430 366	415 093
Annan driftskostnad		1 102 203	841 721
Sum driftskostnader		4 104 156	3 610 980
Driftsresultat		-286 582	18 387
FINANSINNETEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Annan renteinntekt		4 004	4 386
Mottatt aksjeutbytte		55 945	23 874
Annan rentekostnad		195 335	135 500
Resultat av finansposter		-135 385	-107 240
Resultat før skattekostnad		-421 967	-88 852
Skattekostnad	4	0	0
Årsresultat		-421 967	-88 852
OVERFØRINGAR			
Overført frå eigenkapital		421 967	88 852
Sum overføringer		-421 967	-88 852

Vedlegg 7 - Orientering - Brandøy

Brandøy Misjons- og Konferansesenter AS

Balanse pr. 31. desember

EIGEDLAR	NOTER	2023	2022
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	9 846 000	9 974 000
Inventar og utstyr	3	552 000	654 400
Sum varige driftsmiddel		10 398 000	10 628 400
Sum anleggsmiddel		10 398 000	10 628 400
Omløpsmiddel			
Fordringer			
Kundefordringer		8 792	500
Andre fordringer		58 537	192 824
Sum fordringer	5	67 330	193 324
Investeringer			
Andre omløpsaksjer	6	75 479	75 479
Sum investeringer		75 479	75 479
Bankinnskott, kontantar o.l.	7	278 656	344 575
Sum omløpsmiddel		421 465	613 379
SUM EIGEDLAR		10 819 465	11 241 779

Vedlegg 7 - Orientering - Brandøy

Brandøy Misjons- og Konferansesenter AS

Balanse pr. 31. desember

EIGENKAPITAL OG GJELD	NOTER	2023	2022
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	8	30 000	30 000
Overkurs		5 871 645	5 871 645
Sum innskoten eigenkapital		5 901 645	5 901 645
Opptent eigenkapital			
Annen egenkapital		-65 877	356 090
Sum opptent eigenkapital		-65 877	356 090
Sum eigenkapital	9	5 835 768	6 257 735
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	10	2 470 371	3 542 323
Annan langsiktig gjeld	10	2 200 500	910 500
Sum annan langsiktig gjeld		4 670 871	4 452 823
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		75 556	245 059
Skyldige trekk og offentlige avgifter		88 842	131 967
Annan kortsiktig gjeld		148 428	154 195
Sum kortsiktig gjeld		312 826	531 221
Sum gjeld		4 983 697	4 984 044
SUM EiGENKAPITAL OG GJELD		10 819 465	11 241 779

 Ingrid Tveit
 styreleiar

 Ole Bjarte Fylkesnes
 nestleiar

 Leiv Karsten Medhaug
 styremedlem

Elisabeth Stople Gregersen

Jan Ove Fagerheim

Andreas Christensen Våge

Vedlegg 7 - Orientering - Brandøy

Brandøy Misjons- og Konferansesenter AS

Notar til årsrekneskap 2023

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapsloven og god rekneskapsskikk for små foretak.

Selskapet vart stifta i 1.1.2019 ved at eigedelar og gjeld knytta til verksemda til Brandøy Misjons- og konferansesenter er nytta som tingsinnskot i selskapet, ved omorganisering av dei ulike delane til Indremisjonssamskipnaden.

Generelle reglar for registrering av inntekter og kostnader

Inntektsføring ved sal av varer og tenester skjer på tidspunkt for levering. Kostnader vert tekne med etter samanstillingsprinsippet, som inneber at dei vert med i same periode som tilhøyrande inntekter vert inntektsført. Kostnader som ikkje kan henførast til særskilt inntekt, vert kostnadsført når dei er pådregne.

Klassifisering og generell vurdering av balansepostar

Eigneluter til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmiddel. Eigneluter som er tilknytta varekrinsløpet er klassifiserte som omløpsmidlar. Fordringar vert klassifiserte som omløpsmidlar dersom dei skal tilbakebetalast innan eitt år etter balansedagen. For gjeld er analoge kriterium lagde til grunn.

Omløpsmidlar er vurderte til lågeste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidla er vurderte til innkjøpskost. Varige anleggsmidlar som vert forringa i verdi vert avskrivne over forventa økonomisk levetid.

Anleggsmidla vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ein ikkje ventar er forbigåande.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel er balanseførte og lineæravskrivne over driftsmidla si forventa levetid dersom levetida er rekna til å vera over 3 år og dei har ein kostpris som overstig kr 15 000. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løpande under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar vert lagde til driftsmiddelets kostpris og vert avskrivne i takt med driftsmiddelet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring vert rekna i høve til driftsmiddelets stand ved vårt kjøp av dette.

Skattemessige tilhøve

Selskapet si verksemd er dels skattepliktig og dels skattefri. Aktivitetar som verkeleggjer selskapet sitt ideelle formål, samt gåveinntekter, reknast som skattefrie. Kostnader fordeles høvesvis mellom skattepliktig og skattefri verksemd ved berekning av skattemessig resultat.

Vedlegg 7 - Orientering - Brandøy

Brandøy Misjons- og Konferansesenter AS

Notar til årsrekneskap 2023

Note 1 Annan driftsinntekt

Annan driftsinntekt er mva - kompensasjon mottatt fra Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Note 2 Tilsette, godtgjersler mv.

Lønskostnader er samansett av følgjande postar:	2023	2022
Løn	1 379 365	1 293 518
Pensjonskostnad	74 056	35 051
Arbeidsgjevaravgift	210 018	191 450
Annan personalkostnad	46 969	38 392
Sum lønskostnader	1 710 408	1 558 411

Selskapet har i 2023 sysselsatt ca. 2,5 årsverk.

Note 3 Anleggsmidler

	Eigedomar	Inventar	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01.23	13 448 917	2 029 800	15 478 717
+ Tilgang kjøpte driftsmidler	142 781	57 185	199 966
= Anskaffelseskost 31.12.23	13 591 698	2 086 985	15 678 682
Akkumulerte avskrivninger 31.12.23	3 745 698	1 534 985	5 280 682
= Bokført verdi 31.12.23	9 846 000	552 000	10 398 000
Årets ordinære avskrivninger	270 781	159 585	430 366
Økonomisk levetid	15-50 år	3-15 år	

Note 4 Skatt

Sjå under omtale av rekneskapsprinsipp.

Resultatet av selskapets skattepliktige verksemd i 2023 er eit underskot på kr 100 435.

Saman med tidlegare skattemessige resultat, har selskapet eit samla underskot på kr 346 058.

Vedlegg 7 - Orientering - Brandøy

Brandøy Misjons- og Konferansesenter AS

Notar til årsrekneskap 2023

Note 5 Fordringer

Alle fordringar er oppført til pålydande.

Note 6 Aksjar

Selskapet eig ein mindre aksjepost i Skånevik Ølen Kraftlag AS.

Aksjane er tidlegare blitt kostnadsført i rekneskapen, men ble i 2019 ført attende i balansen, til kostpris.

Likningsverdi for aksjane pr 31.12.22 er kr 1 945 001.

Note 7 Bundne midlar mm.

Av bankinnskott er kr 45 359 bundne skattetrekksmidlar.

Dette dekker selskapet sitt trekkansvar.

Note 8 Aksjar og eigartilhøve

Aksjekapitalen er delt på 30 000 aksjar lydande på kr 1.

Alle aksjar er eigd av Indremisjonssamskipnaden Holding AS.

Note 9 Eigenkapitalendringar

	<u>Aksjekapital</u>	<u>Overkurs</u>	<u>Annan eigenkapital</u>	<u>Sum eigenkapital</u>
Eigenkapital 01.01.2023	30 000	5 871 645	356 090	6 257 735
Årets resultat			-421 967	-421 967
Eigenkapital pr. 31.12.2023	30 000	5 871 645	-65 877	5 835 768

Note 10 Gjeld og pantsetjing mm.

Balanseført verdi av eigedom som er pantsett	9 846 000
Pantegjelden utgjør	2 470 371

Kr 1 000 000 av pantegjelden er statsgarantert og kjem under " Lov om statlig garantiordning for lån til små og mellomstore bedrifter".

Bankgjeld som står attende seinare enn fem år etter utgangen av rekneskapsåret, utgjør omlag kr 1 128 048.

Annan langsiktig gjeld er til Indremisjonssamskipnaden og Framnes Eigedom AS. Gjelden renteberegnes.

Vedlegg 8 - Orientering - Helgatunlia

Helgatunlia

Vi skriver februar 2024, og når dere leser denne årsmeldingen er prosjektet Helgatunlia avsluttet. 72 leiligheter og 6 ulike bygg står ferdig oppført og de solgte leilighetene er overført til sine eiere. Prosjektet står fremdeles igjen med 7 usolgte leiligheter, det samme antall leiligheter som ved forrige årsmelding. 4 av disse 7 leilighetene er tatt i bruk av Helgatun, og skal leies ut mens vi venter på at de skal bli solgt. På den måten dekker de løpende utgifter.

Uteområdet har også blitt ferdigstilt med attraktive uteområder som legger til rette for et mangfold av aktiviteter. Det er sandvolleyballbane, hoppepute, grillhytter, lekeplasser og en liten kunstgress ballbane (laget utenfor Helgatun) som beboerne kan boltre seg på. Uteområdene viser seg også å være attraktive for hele fjellandsbyen. Det ble også dette året avholdt dugnad der belegningsstein utenfor bygg 6 ble ferdigstilt.

Styret vil takke misjonsvenner som på ulike måter har husket på prosjektet i bønn, vært med på dugnader og vist interesse for Helgatunlia.



Vedlegg 9 - Orientering - Helgatun

ÅRSMELDING FOR HELGATUN FJELLPENSJONAT AS 2023

Verksemda

Årsmeldinga for Helgatun er eit tilbakeblikk på året som er omme, men samstundes er det viktig at den og blir ein kveik for vidare satsing på denne flotte misjonsstasjonen i Myrkdalen. Det å ha eit alkoholfritt alternativ der heile verksemda er tufta på det kristne verdigrunnlaget, er noko mange set stor pris på. Mottoet vårt er «Ekte livsglede i eit varmt og inkluderande miljø» Dette er det viktig å ha fokus på i ei tid der mange kjenner på uvisse og einsemd i ei urolig tid.

Overnattingar

Overnattingar er den viktigaste delen av driftsgrunnlaget. I 2023 hadde Helgatun 10087 overnattingar mot 11733 i 2022 ein nedgang på 1646, dette er på grunn av nedstenging av Helgatun frå 20. oktober til 5. januar 2024.

I denne perioden har me hatt oppgradering på Helgatun. Mykje er blitt nytt, blant anna: nye vindauge i heile bygget, nye sikringsskap, nye toalett og dusjar i sovesalen, handicaptalett, nye toalett ved kafeinngangen, heis frå møtesal til spisesalen, ventilasjon til møtesal, peisestove, aktivitetsrom og sovesal. Me har fått nytt inngangsparti og resepsjonen er blitt litt ny.

Økonomi og gåver

Driftsresultat inklusive gåver er: - 2.005.160,-. I dette inngår kostnadsført del av oppgraderinga som er gjort med kr 3.063.937,-

Mottekne gåver kr: 1.596.447,-

Grunnen for at resultatet ser slik ut er på grunn av oppgraderinga av Helgatun, me har betalt inn kr 6.127.875,- ut 2023 på oppgraderinga. Ein del av dette er balanseført, og resten kostnadsført.

Brukargrupper

Me har hatt mange ulike grupper på besøk i 2023. Menighetsgrupper, skulegrupper, ulike organisasjonar, ungdomsgrupper, leir, kor, eldre grupper + mange ulike selskap.

Arrangement

Eigne arrangement i 2023: Vinterferieopphald, familieleir i Palmehelga, Påskeopphald, Sunnhordlandstreff, Damehelg, Friluftslivleir og Helgatunhelg.

Personalet

Jorunn og Aksel Ingvard Johannessen, Joanna og Roman Jacuk alle i 100%. John Morten og Ingebjørg Espevik begge i 50 %.

Veronika Jurova er reinhaldar i 100% stilling.

Styret

Styret har vore samansett slik.

Tore Grønås- styreleiar

Arild Sæle- nestleiar

Margrethe Augestad - styremedlem

Brit Gjerde Voster- styremedlem

Kjerstin Stokken -skrivar

Anne Marie Solsvik - 1 varamedlem

Vedlegg 9 - Orientering - Helgatun

Sondre Nesheim - 2 varamedlem
Svein Arne Bakke – 3 varamedlem

Helgatunhelsing

Helgatunhelsing kom ut med to nummer i 2023. Bladet er eit viktig organ for å halda kontakten med misjonsfolket, både som marknadsføring, informasjon om arrangement og gjevarteneste.

Arbeidsmiljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet på Helgatun som godt. Det var ikkje alvorlege skader eller ulukker i 2023.

Ytre miljø

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Framleis drift/Utsikter framover i 2024

Årsrekneskapen for 2024 er sett opp under føresetnad om fortsatt drift.

Likestilling

Både styret og leiinga i selskapet er bevisst på samfunnsmessige forventningar om å fremja likestilling i verksemd og styre.

I 2023 hadde selskapet 7 tilsette - 4 kvinner og 3 menn.

Styret består av 2 menn og 4 kvinner.

Takk

Me vil retta ei hjarteleg takk til alle som står med oss i tenesta. Tusen takk for den store dugnadsinnsatsen, gåver, oppmuntring og forbøn. Me treng dykk! Saman skal me vidareutvikla Helgatun til å vera den reidskapen plassen kan vera i Guds rikes arbeid. Den oppgåva er viktigare enn noko sinne. Helsar Dykk med med 1. Peter 2, 9

Men De er ei utvald ætt, eit kongeleg presteskap, eit heilag folk, eit folk som Gud har vunne, så De skal forkynna Hans storverk, Han som kalla Dykk frå mørkret og inn i sitt underfulle lys.

Vossestrand 21.02.2024

Tore Grønås – Styreleiar
Arild Sæle – Nestleiar
Margrethe Augestad – Styremedlem
Brit Gjerde Voster – Styremedlem
Kjerstin Stokken – Skrivar
Anne Marie Solsvik – 1. varamedlem
Sondre Nesheim – 2. varamedlem
Svein Arne Bakke – 3. varamedlem

Jorunn Fylkesnes Johannessen – Dagleg leiar

Vedlegg 9 - Orientering - Helgatun

Helgatun Fjellpensjonat AS

Resultatrekneskap

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	NOTER	2023	2022
Salsinntekter		7 587 048	8 462 239
Mottekne gaver	1	1 596 447	758 855
Annen driftsinntekt	1	200 620	484 137
Sum driftsinntekter		9 384 115	9 705 231
Varekostnader		1 156 737	1 395 996
Lønskostnader m.m	2	3 615 921	3 403 862
Avskrivning på driftsmidler	3	780 762	828 226
Annan driftskostnad		5 749 269	3 142 906
Sum driftskostnader		11 302 689	8 770 991
Driftsresultat		-1 918 574	934 240
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Anna renteinntekt		120 706	23 603
Annan rentekostnad		207 292	141 988
Resultat av finansposter		-86 586	-118 385
Resultat før skattekostnad		-2 005 160	815 855
Skattekostnad	4	0	0
Årsresultat		-2 005 160	815 855
OVERFØRINGER			
Avsett til egenkapital		0	815 855
Overført frå egenkapital		2 005 160	0
Sum overføringer		-2 005 160	815 855

Vedlegg 9 - Orientering - Helgatun

Helgatun Fjellpensjonat AS

Balanse pr. 31. desember

EIGEDLAR	NOTER	2023	2022
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar o.a. fast eigedom		17 474 320	14 755 349
Driftslausøyre, inventar og utstyr		667 900	557 000
Sum varige driftsmiddel	3	18 142 220	15 312 349
Sum anleggsmiddel		18 142 220	15 312 349
Omløpsmidlar			
Varer	5	45 927	65 351
Fordringar			
Kundefordringar		731 837	121 250
Andre fordringar		1 238 188	259 403
Sum fordringar		1 970 024	380 653
Bankinnskot, kontanter o.l.	6	2 429 910	3 635 678
Sum omløpsmidlar		4 445 862	4 081 682
SUM EIGEDLAR		22 588 082	19 394 031

Vedlegg 9 - Orientering - Helgatun

Helgatun Fjellpensjonat AS

Balanse pr. 31. desember

EIGENKAPITAL OG GJELD	NOTER	2023	2022
Eigenkapital			
Innskutt eigenkapital			
Aksjekapital	7	30 000	30 000
Overkurs		4 766 872	4 766 872
Sum innskutt eigenkapital		4 796 872	4 796 872
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		437 135	2 442 295
Sum opptent eigenkapital		437 135	2 442 295
Sum eigenkapital	8	5 234 007	7 239 167
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	9	2 956 402	3 259 626
Øvrig langsiktig gjeld	9	3 000 000	3 100 000
Sum langsiktig gjeld		5 956 402	6 359 626
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2 730 755	333 277
Skuldige trekk og offentlige avgifter		198 155	214 447
Anna kortsiktig gjeld	9	8 468 762	5 247 515
Sum kortsiktig gjeld		11 397 673	5 795 238
Sum gjeld		17 354 075	12 154 864
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		22 588 082	19 394 031

Tore Grønås
styrets leiar

Jorunn Fylkesnes Johannessen
dagleg leiar

Brit Gjerde Voster
styremedlem

Arild Sæle
styremedlem

Margrethe Nesse Augestad
styremedlem

Kjerstin Handeland Stokken
styremedlem

Vedlegg 9 - Orientering - Helgatun

Helgatun Fjellpensjonat AS Noter til årsrekneskap 2023

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapsloven og god rekneskapsskikk for små foretak.

Selskapet vart stifta 28.05.2019 ved at eigdeilar og gjeld knytta til verksemda til Helgatun blei nytta som tingsinnskot i selskapet, ved omorganisering av dei ulike delane til Indremisjonssamskipnaden.

Generelle reglar for registrering av inntekter og kostnader.

Inntektsføring ved sal av varer og tenester skjer på tidspunktet for levering. Kostnader vert tekne med etter samanstillingsprinsippet, som inneber at dei vert med i same periode som tilhøyrande inntekter vert inntektsført. Kostnader som ikkje kan henførast til særskilt inntekt, vert kostnadsført når dei er pådregne.

Klassifisering og generell vurdering av balansepostar.

Eigdeilar til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmiddel. Eigdeilar som er tilknytta varekrinsløpet er klassifiserte som omløpsmidlar. Fordringar vert klassifiserte som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast innan eitt år etter balansedagen. For gjeld er analoge kriterium lagde til grunn.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmidla er vurdert til innkjøpskost. Varige anleggsmiddel som vert forringa i verdi vert avskrivne over forventa økonomisk levetid. Anleggsmiddel vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ein ikke ventar er forbigåande.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel er balanseførte og avskrivne lineært over driftsmidla si forventa levetid dersom levetida driftskostnader. Påkostningar eller forbetringar vert lagde til driftsmiddelets kostpris og vert avskrivne i takt med driftsmiddelet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring vert rekna i høve til driftsmiddelets stand ved vårt kjøp av dette.

Varelager

Lager av varar vert ført opp i balansen til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Fordringar

Fordringar vert førte opp i balansen etter frådrag for avsetjing til venta tap.

Avsetjing til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilte fordringana

Skattar

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt/skattefordel. Utsett skatt/skattefordel er rekna med 22% på grunnlag av dei mellombels skilnadene som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Skatteaukande og skattereduserande mellombels skilnader som reverserer eller kan reversera i same periode, er utlikna.

Vedlegg 9 - Orientering - Helgatun

Helgatun Fjellpensjonat AS

Noter til årsrekneskap 2023

Note 1 Gåver og annen driftsinntekt

Mottekne gåver reknast ikkje som skattepliktig inntekt.

Annan driftsinntekt er tilskudd fra Voss Herad vedr. ENØK - tiltak og gevinst ved sal av parkeringsplass.

Note 2 Tilsette, godtgjersler m.v.

Lønskostnader

	2023	2022
Løner, inkl. feriepengar	3 019 777	2 854 232
Folketrygdavgift	449 905	413 121
Pensjonskostnad	107 713	106 656
Andre personalkostnader	38 526	29 853
Sum	3 615 921	3 403 862

Selskapet har i 2023 sysselsatt 6 årsverk.

Pensjonsforpliktelser

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Ein har sørga for ordning som oppfyller krava.

Note 3 Anleggsmidler

	Eigedom	Driftslausøyre	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01.23	25 067 146	1 354 077	26 421 223
+ Tilgang kjøpte driftsmidler	3 400 402	210 232	3 610 634
= Anskaffelseskost 31.12.23	28 467 548	1 564 309	30 031 857
Akkumulerte avskrivninger 31.12.23	10 993 228	896 409	11 889 637
= Bokført verdi 31.12.23	17 474 320	667 900	18 142 220
Årets ordinære avskrivninger	681 431	99 332	780 763
Økonomisk levetid	7-50 år	5-20 år	

Vedlegg 9 - Orientering - Helgatun

Helgatun Fjellpensjonat AS

Noter til årsrekneskap 2023

Note 4 Skatt

Årets skattekostnad	2023	2022
Resultatført skatt på ordinært resultat:		
Betalbar skatt	0	0
Endring i utsatt skattefordel	0	0
Skattekostnad ordinært resultat	0	0
Skattepliktig inntekt:		
Resultat før skatt	-2 005 160	815 855
Permanente forskjeller	-1 596 447	-758 854
Endring i midlertidige forskjeller	-291 351	-23 441
Anvendelse av fremførbart underskudd	0	-33 560
Skattepliktig inntekt	-3 892 958	0
Betalbar skatt i balansen:		
Betalbar skatt på årets resultat	0	0
Sum betalbar skatt i balansen	0	0

Skatteeffekten av midlertidige forskjeller og underskudd til fremføring som har gitt opphav til utsatt skatt og utsatte skattefordeler, spesifisert på typer av midlertidige forskjeller

	2023	2022	Endring
Varige driftsmidler	1 245 506	954 155	-291 351
Sum	1 245 506	954 155	-291 351
Akkumulert fremførbart underskudd	-5 581 479	-1 688 521	3 892 958
Inngår ikke i beregningen av utsatt skatt	4 335 973	734 366	-3 601 607
Utsatt skattefordel (22 %)	-953 914	-161 561	792 354

I henhold til God regnskapsskikk for små foretak balanseføres ikke utsatt skattefordel.

Note 5 Varelager

Varelageret er oppført til kostpris.

Note 6 Bundne midlar m.v.

I posten inngår bundne skattetreksmidlar med kr 90 282.
Beløpet dekkjer skuldig skattetrekk.

Vedlegg 9 - Orientering - Helgatun

Helgatun Fjellpensjonat AS

Noter til årsrekneskap 2023

Note 7 Aksjar og eigartilhøve

Aksjekapitalen er delt på 30 000 aksjar lydande på kr 1.
Alle aksjar er eigd av Indremisjonssamskipnaden Holding AS.

Note 8 Eigenkapitalendringar

	<u>Aksjekapital</u>	<u>Overkurs</u>	<u>Annan</u> <u>eigenkapital</u>	<u>Sum</u> <u>eigenkapital</u>
Pr 01.01.2023	30 000	4 766 872	2 442 295	7 239 167
Årets resultat			-2 005 160	-2 005 160
Pr. 31.12.2023	30 000	4 766 872	437 135	5 234 007

Årets underskot har i stor grad samanheng med at det er resultatført om lag kr 3 000 000 som utført vedlikehald på bygg.

Note 9 Gjeld

Gjeld til kredittinstitusjonar på kr 2 956 402 er sikra med pant i fast eigedom, som er balanseført med kr 14 545 920. Av gjelda er det omlag kr 1 292 776 som har forfall meir enn 5 år etter balansedagen.

Deler av eigedomsmassen er stilt som sikkerhet for byggjelån hos Helgatunlia- burettslaga for inntil kr 10 000 000.

<u>Spesifikasjon av anna langsiktig gjeld:</u>	<u>2023</u>
Indremisjonssamskipnaden	2 000 000
Stord Indremisjon	1 000 000
Sum anna langsiktig gjeld	<u>3 000 000</u>

Av anna kortsiktig gjeld er kr 8 050 483 gjeld til Indremisjonssamskipnaden.

Anna langsiktig og kortsiktig gjeld vert nedbetalt etter nærare avtale, og er ikkje renteberekna.

Vedlegg 10 - Orientering - Sunnbok

SunnBok

Årsmelding 2023

1. Aksjeeigarar

	A-aksjar:	B-Aksjer
Indremisjonssamskipnaden	245 aksjar à kr 500,-	52
ImF Stord	245 aksjar à kr 500,-	20
Salem Moster	60 aksjar À kr 500,-	
Laurhammer Indremisjon	20 aksjar À kr 500,-	
Kristkyrkja Stord	20 aksjar À kr 500,-	
Kristent Fellesskap Stord	20 aksjar À kr 500,-	

2. Drift

SunnBok A/S er ein kristen bokhandel som ligg i Leirvik sentrum på Stord.

	2023	2022	2021
Fritt sal/bøker	1.188.972	1.238.354	1.290.649
Anna/pliktig sal	672.735	549.122	628.852
Snop/kaffi	38.075	43.918	38.584

3. Omsetjing og resultat

	2023	2022	2021
Driftsinntekter	1.904.958	1.833.916	1.963.485
Driftskostnader	1.881.136	1.873.061	1.835.162

Vedlegg 10 - Orientering - Sunnbok

4. Føresetnad for drift er framleis til stades.

Tala for 2023 viser at ,trass i at vi framleis opplever tøffe tider så har vi gode og trufaste kundar som vil ha oss her. Det er vi utruleg takksam for.

Styret meiner vilkåra for vidare drift er tilstades og rekneskapen er sett opp under denne føresetnad. Men ein ser at auka utgifter og låg omsetjing er ei stor utfordring for framtida.

5. Styret

Styresamansetjing:

Jens Thoresen	styreleiar
Kjetil Harestad	styremedlem
Solfrid Johannessen Hjelland	styremedlem
Tove Iren Notland	styremedlem
Ingebjørg Espevik	styremedlem

1. varamedlem Kristine Vikestrand

2.varamedlem Hans Gunnar Aadland

Styret har hatt 4 møter og handsama 18 saker.

Dagleg leiar har vore med på møta.

6. Personalet

Dagleg leiar, Silje Fyllingen er tilsett i ca 75 % stilling. Jenny Helen Vysantios har vore ekstrahjelp . Samuel Fyllingen var sommarvikar. Reidar Brevik og Kirsti Frugård har vore inne som dugnadsarbeidarar . Vi har også hatt inne Elisabeth Moldestad i arbeidstrening via NAV. Arbeidsmiljøet er godt, det er ikkje meldt om skader på arbeidsplassen. Selskapet si verksemd fører ikkje til forureining av det ytre miljøet. Det er ikkje nødvendig å i verksette tiltak som gjeld arbeidsmiljø og likestilling.

7. Økonomi

Kassakreditten er på 250.000 kr.

Likviditeten i 2023 har vore stram.

Styrehonorar: kr. 0

8. Arrangement i 2023

Vi hadde besøk av Tania Michelet i mai, Heidi Gellein i september og Israelsmisjonen i november. I tillegg har vi hatt bøker på familieleir og diverse andre leirer og Plussreise- turer. Vi fikk også vært med på julemesse på Laurhammer og div. møter i området.

Vedlegg 10 - Orientering - Sunnbok

9. Marknadsføring

Vi har hatt annonse i Sunnhordland, , Indremisjonsvenen og elles har vi satsa på Facebook og Instagram.

10. Framtidsutsikter

Framtida er sær spennande for ein liten bokhandel med kristen profil. Butikken har eit godt utval både når det gjeld bøker og andre varer.

Styret og dagleg leiar har eit stadig fokus på omsetningstal og utgifter. Vi ser det som sær viktig å vere synleg i sentrum og mellom dei kristne i området. Vi arbeider hardt for at fleire skal bli glad i butikken og bruke han.

For å få dette til, prøver vi blant anna å fokusere på kor viktig det er å lese for borna. Spesielt kjekt er det når vi får besøk av elevane på Stord Kristne skule og har lesestund med dei.

Styret takkar dagleg leiar og hennar medarbeidarar for god innsats også i 2023. I ein bransje i motvind er det ikkje alltid så lett å stå på, men me ser at butikken er avhengig av motiverte tilsette som kvar dag yter sitt beste for å løfte butikken opp på eit bærekraftig nivå. Sunnbok er også avhengig av å få aktivert heile den naturlege kundemassa si og skaffa seg eit solid kundegrunnlag. Me ber om og trur at Gud vil velsigna arbeidet og dei som er knytt til drifta av SunnBok A/S også i framtida.

Leirvik. 01.03.2024

Jens Thoresen

Kjetil Harestad

Solfrid J. Hjelland

.....

.....

.....

Tove Iren Notland

Ingebjørg Espevik

Kristine Vikestrand

.....

.....

.....

Vedlegg 10 - Orientering - Sunnbok

Resultatregnskap

Sunnbok AS

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2023	2022
Salgsinntekt		1 899 782	1 831 394
Annen driftsinntekt		5 176	7 922
Sum driftsinntekter		1 904 958	1 839 316
Varekostnad		1 152 671	1 163 460
Lønnskostnad	2	484 696	463 601
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler		3 500	2 300
Annen driftskostnad		240 269	246 000
Sum driftskostnader		1 881 136	1 875 361
Driftsresultat		23 822	-36 045
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		2 513	167
Annen finansinntekt		17	0
Annen rentekostnad		4 157	4 385
Annen finanskostnad		1 308	1 302
Resultat av finansposter		-2 935	-5 520
Resultat før skattekostnad		20 887	-41 566
Resultat		20 887	-41 566
Årsresultat	4	20 887	-41 566
Overføringer			
Avsatt til annen egenkapital		20 887	0
Overført fra annen egenkapital		0	41 566
Sum anvendelse		20 887	-41 566

Vedlegg 10 - Orientering - Sunnbok

Balanse

Sunnbok AS

Eiendeler	Note	2023	2022
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr		11 755	15 255
Sum anleggsmidler		<u>11 755</u>	<u>15 255</u>
Omløpsmidler			
Lager av varer		828 768	790 504
Fordringer			
Kundefordringer		13 156	10 907
Andre kortsiktige fordringer		1 625	1 079
Sum fordringer		<u>14 781</u>	<u>11 986</u>
Investeringer			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	5	-777	39 607
Sum omløpsmidler		<u>842 772</u>	<u>842 097</u>
Sum eiendeler		<u>854 527</u>	<u>857 352</u>

Vedlegg 10 - Orientering - Sunnbok

Balanse

Sunnbok AS

Egenkapital og gjeld	Note	2023	2022
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital	6	341 000	341 000
Sum innskutt egenkapital		<u>341 000</u>	<u>341 000</u>
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	7	297 699	276 812
Sum opptjent egenkapital		<u>297 699</u>	<u>276 812</u>
Sum egenkapital	4	<u>638 699</u>	<u>617 812</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		103 593	144 305
Skyldig offentlige avgifter		35 050	29 707
Annen kortsiktig gjeld		77 186	65 528
Sum kortsiktig gjeld		<u>215 828</u>	<u>239 540</u>
Sum gjeld		<u>215 828</u>	<u>239 540</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>854 527</u>	<u>857 352</u>

Stord
Styret i Sunnbok AS

Ingebjørg Norheim Espevik
styremedlem

Kjetil Harestad
styremedlem

Jens Thoresen
styreleder

Tove Iren Alvsvåg Notland
styremedlem

Solfrid Johannessen Hjelland
styremedlem

Vedlegg 10 - Orientering - Sunnbok

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og NRS 8 - God regnskapsskikk for små foretak.

Driftsinntekter

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

Skatt

Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er beregnet med 22 % på grunnlag av de midlertidige forskjeller som eksisterer mellom regnskapsmessige og skattemessige verdier, samt ligningsmessig underskudd til fremføring ved utgangen av regnskapsåret. Skatteøkende og skattereduserende midlertidige forskjeller som reverserer eller kan reverseres i samme periode er utlignet og nettoført.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidler

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets økonomiske levetid. Avskrivningsperioden for fast eiendom anskaffet etter 2009 er dekomponert i en del som gjelder råbygget og en del som gjelder faste tekniske installasjoner. Varige driftsmidler nedskrives til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventes ikke å være forbigående. Gjenvinnbart beløp er det høyeste av netto salgsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av fremtidige kontantstrømmer knyttet til eiendelen. Nedskrivningen reverseres når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidler

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter balansedagen, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Varer

Varer er vurdert til det laveste av anskaffelseskost og netto salgsverdi.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

Note 2 Lønnskostnader og antall årsverk

Lønnskostnader

	2023	2022
Lønninger	416 753	396 285
Arbeidsgiveravgift	59 849	59 237
Andre ytelser	8 094	8 080
Sum	484 696	463 601

Selskapet har i 2023 sysselsatt 1 årsverk.

Vedlegg 10 - Orientering - Sunnbok

Note 3 Skatt

Årets skattekostnad	2023	2022
Resultatført skatt på ordinært resultat:		
Betalbar skatt	0	0
Endring i utsatt skattefordel	0	0
Skattekostnad ordinært resultat	0	0
Skattepliktig inntekt:		
Resultat før skatt	20 887	-41 566
Permanente forskjeller	0	683
Endring i midlertidige forskjeller	-10 544	-1 211
Anvendelse av fremførbart underskudd	-10 342	0
Skattepliktig inntekt	0	-42 093
Betalbar skatt i balansen:		
Betalbar skatt på årets resultat	0	0
Sum betalbar skatt i balansen	0	0

Skatteeffekten av midlertidige forskjeller og underskudd til fremføring som har gitt opphav til utsatt skatt og utsatte skattefordeler, spesifisert på typer av midlertidige forskjeller

	2023	2022	Endring
Varige driftsmidler	11 755	1 211	-10 544
Sum	11 755	1 211	-10 544
Akkumulert fremførbart underskudd	-167 773	-178 115	-10 342
Inngår ikke i beregningen av utsatt skatt	156 017	176 904	20 887
Utsatt skattefordel (22 %)	0	0	0

I henhold til God regnskapsskikk for små foretak balanseføres ikke utsatt skattefordel.

Note 4 Egenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annen Innskutt egenkapital	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Pr. 31.12.2022	341 000	0	0	276 812	617 812
Årets resultat				20 887	20 887
Pr 31.12.2023	341 000	0	0	297 699	638 699

Vedlegg 10 - Orientering - Sunnbok

Note 5 Bankinnskudd

Innestående midler på skattetrekkskonto (bundne midler) er på kr. 11 075.

Note 6 Aksjonærer

Aksjekapitalen i Sunnbok AS pr. 31.12 består av følgende aksjeklasser:

	Antall	Pålydende	Bokført
A-aksjer	610	500,0	305 000
B-aksjer	72	500,0	36 000
Sum	682		341 000

Eierstruktur

De største aksjonærene i % pr. 31.12 var:

	A-aksjer	B-aksjer	Sum	Eierandel
INDREMISJONSSAMSKIPNADEN	245	52	297	43,5
IMF STORD	245	20	265	38,9
INDREMISJONSFORBUNDET				
Moster Indremisjon	60		60	8,8
Kristent Fellesskap Stord	20		20	2,9
Kristkyrkja På Stord	20		20	2,9
Laurhammer Indremisjon	20		20	2,9
Totalt antall aksjer	610	72	682	100,0

Note 7 Fortsatt drift

Resultatet for 2023 viser et overskudd på kr. 20 887 etter skatt, mot kr. -41 566 i 2022. Soliditeten og likviditeten er fortsatt god og det er ikke noe som indikerer at driften ikke kan fortsette. Styret vurderer at forutsetningene for fortsatt drift er til stede og legger det til grunn for sin virksomhet.

Vedlegg 11 - Val

Presentasjon av kandidatar til val av nytt styre i IMS

Leiarkandidat



Bernt Arild Gjøvåg

48 år, Stord
Personalleiar i Subshore.
Aktiv i Horneland indremisjon, og er medlem av styret til Framnes KVGS, samt nestleiar i styret for SKAPER. Eg set stor pris på den rike historia og den djupe tilliten til Bibelen som ein finn i IMS. Eg ønskjer å bidra til ei teneste til Guds ære og vil styrkje IMS i møte med forføringar.



Henriette S. Bjørnevik

50 år, Stord
Sjukepleiar ved Stord Sjukehus. Er tilknytt Leirvik Bedehus og Horneland Bedehus. Eg brenn for ungdomsarbeidet og leirarbeidet. Ungdomsåra er tida for å ta mange val, og for mange eit vegskilje i livet når det kjem til tru, så eit godt ungdomsarbeid er viktig.



Eva Karin Schmidt

51 år, Moster
Jobbar på Haugesund Sjukehus. Eg er medlem i Moster Indremisjon som er tilslutta IMS. Tidlegare deltatt mest i barne- og ungdomsarbeid, men er no med i møteleiar-gruppa. Eg ynskjer at fleire får del i den kristne trua og det kristne fellesskapet.



Tor Tveitane

68 år, Norheimsund
Pensjonist.
Er engasjert i Norheimsund Indremisjon og har vore 10 år som misjonær i Mali. Der som her er eg 'altmoglegmann' og har også arbeidd i 18 år som IKT ansvarleg på Framnes. Eg er oppteken av at levande husgrupper og småfellesskap kan vera lågterskelinngang til forsamlinga på bedehuset.

Kandidatar varavalet



Sven Tore Kulleseid

64 år, Samnanger
Pensjonist.
Har jobba Teknisk Drift i Samnanger Kommune siste 15 åra. Er med i Samnanger misjonsforsamling. Brenn for at fleire skal bli vunne for Jesus.



Marianne Heggholmen Aarbø

54 år, Fitjar
Økonomisjef i Stord kommune. Eg er opptatt av at me har fellesskap som tar misjonsbefalinga på alvor. Forsamlinga skal vere ein stad der me får styrke i fellesskapet med andre kristne. Der skal me få inspirasjon til å nå ut til dei me møter i vår kvardag i og utanfor bedehuset og kyrkja. Eg ønskjer også å sjå meir nettverksbygging mellom dei ulike bedehusa i kretsen vår.



Jan Ole Høiby Hansen

56 år, Fusa
Industrimekaniker og CNC-operatør hos Frank Mohn. Er med i Barne- og ungdomsrådet for Samemisjonen, engasjert i barne- ungdoms- og konfirmantarbeid. Har alltid vore glad i bedehusa rundt om, sit i styret for bedehuset på Fusa. Er med i Fusa Sokneråd.

Desse sit eitt år til:

Oddvar M. Torget, Bjørnafjorden
Hilde Karin Vedøy Eiken, Fitjar
Petter Lid, Ullensvang



Det skal veljast leiar for 1 år, tre styremedlemer for 2 år og tre varamedlemer for 1 år.

Vedlegg 12 - ImF-prosess

Fornya og framtidsretta Indremisjonssamskipnad

Saksutgreiing til sak 8, årsmøtet

Kvifor gjer me dette?

ImF-prosessen

På eit tidlegare misjonsråd i Indremisjonsforbundet (ImF) var tilsette frustrerte over administrasjonsoppgåver og ein uhensiktsmessig organisasjon. Saman kom ein difor fram til at organisasjonen, kretsar og ImF, skulle koma med forslag til ein betre måte å organisera seg på. Målet var mindre administrasjon og meir misjon. Dette var oppe som sak i GF for ImF 2019, og IMS vedtok på årsmøtet i 2020 å vere med på denne prosessen. Planen var å vera ferdig med prosessen til GF 2022. Så kom korona, og også andre faktorar har gjort at prosessen no skal få sin formelle avslutning under GF for ImF i 2025.

Vår historikk

Arbeidet er bygd på at det skal vere eit bedehus i kvar bygd.

Då indremisjonsarbeidet vaks fram på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet, var målet at kvar bygd skulle ha eit bedehus, slik at ein kunne spasere til sitt kristne fellesskap fleire gonger i veka. Og i tillegg at dei som ikkje kjende Jesus, skulle ha lett tilgjengeleg ein stad der dei kunne høyre Guds ord. Samfunnet har endra seg drastisk sidan den tid, og det er ikkje mange som har sine fellesskap i gå-avstand verken av kristne eller andre fellesskap.

Reisande forkynnarar, gjerne med møteveker

Då indremisjonen var på sitt største, var det mange som reiste rundt som forkynnarar. Det var ofte fleire møteveker i strekk, der folk gjekk på møte kvar kveld. Me har fått mykje av Guds ord til mat for sjela, til fornying og vekking. Både arbeidstidsbestemmelsar for forkynnarar og andre ting gjer dette vanskelegare enn før, og dei fleste brukar meir tid heime på kveldane. Framleis treng me å møtast på bedehuset – men også på andre måtar. Me treng ein annan måte å administrera samlingspunktene våre, og korleis dei tilsette kan tena det lokale. I tillegg treng me andre måtar å leve saman på enn møte fleire gonger i veka.

Lekmannsrørslé

Vår historie, er at me er ei lekmannsrørslé som vaks fram som resultat av eit levande bibel- og bønneliv, samt at dei betydde noko for dåtidas naud. Dette har endra seg til at me ikkje brukar så mykje tid på Gud i kvardagen, og at det meste av vår teneste- og fellesskapstid handlar om å ta vare på dei som allereie er kristne. Her treng me på ny å venda blikket vårt oppover mot Gud som gir oss det me treng, og utover til dei som verkeleg treng Jesus, og møta notidas naud.

No-situasjon

Mindre kristent arbeid i bygdene

Statistikken nedanfor med oversikt over lag og forsamlingar talar for seg. Sidan 2010 har det blitt ei halvering av barne- og ungdomslag, og lokalforeiningar er sterkt redusert. Sjølv om me har nokre lysglimt, blir det oppretta få nye kristne fellesskap, åndelege heimar der me tar vare på kvarandre og kan styrka kvarandre i trua.

Få kjem til tru og blir disippelgjort

Visjonen til IMS: «Me ynskjer varme inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar». Me ynskjer å strekka oss mot visjonen. Vinn me nye? Vert menneske gjort til disiplar? Det er desse fruktene me ynskjer å sjå av arbeidet vårt, og som me må målast på.

Økonomi og ressursbruk

Me trur at det er noko å hente på å effektivisera den drifta me har i dag, både økonomisk og på kva me bruker tid på. IMS-huset er tungt å drifta og me brukar ein god del tid på arbeidsoppgåver som ikkje er i kjerneverksemda vår.

Heile drifta vår er basert på gåveinntekter og me er avhengige av at gåvene samsvarar med det aktivitetsnivået me har over tid. Me ser at me brukar mykje ressursar på å oppretthalda det me har i dag og lite vert nytta til ny, utadretta verksemd.

Statistikk

Foreiningar, forsamlingar, kontaktar, BU-lag

Ved gjennomgang av dei registrerte laga og kontaktane me har i dag, så har me gjort ei framskriving (ved å gå gjennom kvar registrerte) på korleis ein trur det vil sjå ut i 2028 og 2038:

	2010	2012	2014	2016	2018	2020	2022	2023	2028	2038
Kontaktpersonar	32	26	20	19	14	16	17	24	9	7
Lokalforeiningar	67	62	61	60	55	51	50	42	32	11
Forsamlingar	1	1	2	2	6	6	6	6	13	25
Barne-og ungdomslag	76	69	70	66	53	49	38	37	50	50
Andre	25	21	18	16	16	16	15	15		
Totalt	201	179	171	163	144	138	126	124	104	93

Vedlegg 12 - ImF-prosess

Gåver

	1960	1970	1980	1990	2000	2010	2019	2022
Lagsgåver	98 369	171 333	615 221	1 498 404	1 220 913	1 540 048	1 716 935	1 436 873
Gåveaksjonar	8 607	36 445	265 925	606 784	510 752	775 765	613 591	739 893
Gjevarteneste	7 511	2 540	8 325	62 753	148 360	779 560	1 134 567	1 326 495
Julemesser				73 000	155 000	228 800	223 442	108 000
Andre gåver	19 416	91 785	233 101	264 463	314 373	469 508	306 540	216 900
SUM	133 903	302 103	1 122 572	2 505 404	2 349 398	3 793 681	3 995 075	3 828 161
I 2023-kroner	2 090 822	3 058 793	5 069 175	5 420 707	4 032 873	5 338 339	4 672 940	4 040 144

Kva ynskjer me for framtida?

Meir misjon

Evangeliet er Guds kraft til frelse. Me ynskjer å nå ut til menneske i våre bygder med denne budskapet. Gud er verksam også i dag. Me ynskjer at unge og vaksne skal få eit livsforvandlande møte med Jesus. Det kan skje på leir, våre arrangement, i heimar, i eksisterande og nye fellesskap. Me ynskjer meir misjon ut av kvar misjonskrone, ein kultur der me er indremisjonærar i kvardagen der me er, ein kultur der menneske blir utrusta til teneste og me heiar kvarandre fram.

Eit betre "vi"

«Fremja Guds rike» er eit av føremåla til IMS. Me vil vera til velsigning for fleire enn oss sjølve, vårt lokale fellesskap, vår bygd og vår krets, ved å dela vår kompetanse og våre ressursar. «For intet har me fått det, for intet skal me gi det». Me søker det som er best for Guds rikes arbeid.

Krets

Me ynskjer ein livskraftig krets, med einskap omkring formål, visjon og verdiar. IMS skal først og fremst utrusta lokale leiarar og menneske til teneste, og i mindre grad enn i dag «gi fisk».

IMS eksisterer først og fremst for å tena og leia det lokale, ta medansvar for fellesarrangement og -tiltak, samt vera pådrivarar for at nye ting kan veksa fram. IMS skal hjelpa til slik at lokale fellesskap og forsamlingar kan vera livskraftige til å klara seg sjølv for dagen i dag og framtida. Dette vil vera eit kontinuerleg arbeid.

Lokalt

Me ynskjer at det på kvar ein stad er menneske som tilber Jesus med sitt liv. Ved det blir Jesus gjort tilgjengeleg for alle i vår region. Der lokale kristne samlast, vonar me at dei brukar tid, pengar og krefter som team, på å møte dagens naud lokalt. Det er òg viktig at dei som har ansvar for det åndelege livet i fellesskapet, møter folk med same rolle frå andre bygder, slik at det veks fram sunne fellesskap og relasjonar. Slik kan også den lokale forsamlinga ta større ansvar for både andre bygder, og for det regionale arbeidet. IMS er med på å utvikla kompetanse og nettverk slik at det gagnar både den lokale forsamlinga, og dei rundt.

Ovannemnde vil me oppnå gjennom å endra på følgjande:

(Resten består om lag som i dag)

1. Ny struktur for tilsette

* Dagleg leiar

- Førebuing av styresaker. - Personalansvar. - Oppfølging av avdelingane. - Eigedom mm.

* Adm.leiar

- Økonomiansvar. - Lønn/personal. - Sentralbord, e-post, påmeldingar, gjevarteneste osv.

* Områdearbeidarar både i vaksen- og ung-arbeidet, lokale Kraftsenter:

- Vindafjord, Etne, Kvinnherad m. fl.
- Voss m. fl.
- Kvam, Samnanger, Ullensvang m. fl.
- Stord, Fitjar, Bømlo m. fl.

Områdearbeidarar er med fordel tilknytt/tilsett i lokal forsamling (mindre prosent) og leier nettverk, koordinerer nokre fellesarrangement og følgjer opp eksisterande og nye fellesskap.

Overgang til frivillige forkynnarar i tillegg til områdearbeidarar.

2. Selge IMS-huset

- Relokalisera SunnBok.
- Leiga kontorlokaler.

3. Meir berekraftig økonomi

- Forsamlingane må forplikta seg økonomisk ut frå evne.
- Auka den faste gjevartenesta.
- Vidareføra giro-aksjonane.

Vedlegg 12 - ImF-prosess

4. IndremisjonsVenen

- Etablere ein redaksjonskomité med frivillige.
- Vurdere IndremisjonsVenen som del av Sambåndet.


5. Forholdet til ImF

- Behalda ImF som nasjonalt nivå, med ansvar for felles system, åndeleg leiarskap og ansvar for Bildøy Bibelskole og Lyngdal bibelcamp.
- Byta tenester med ImF eller andre kretsar der det er hensiktsmessig.
- Eit lågare misjonstilskot, med mindre talarhjelp.
- Me vil bidra på nasjonale arrangement, og vera med å arrangere regionale arrangement saman med ImF.

Framtidsbilete

Lag og forsamlingar er grunnstamma i misjonsarbeidet og hjelper kvarandre i nettverk, støtta av IMS.

Eit framtidig organisasjonskart kan sjå slik ut:



Forklaring:

Organisasjonsmodellen er ei skisse og prøver å forklare korleis ting kan sjå ut. Antal Ressurssenter kan bli annleis. Kva type nettverk som er aktuelle, vil også variere.

Ei satsing

Me ynskjer å ta vare på dei tilsette me har i dag, men gjerne fornye innhald i stillingane. Me tenkjer at me ekspanderer og satsar med denne organiseringa. Det er naturleg at det også kjem fleire tilsette til. Tilsett i krets/område bør i deler av stillinga vera tilsett i lokal forsamling, ev. ha ei aktiv rolle inn i dette arbeidet. Dette for betre å forstå det lokale arbeidet ein skal vera med og utrusta. Så vil det også vera lettare å få stor nok total stilling om ein kombinerer.

Berekraftig økonomi

Det må likevel vera slik at stillingane skal bera seg sjølv gjennom givarteneste og økonomisk forplikting frå lokale lag og forsamlingar. Etterspurnad og økonomisk bereevne set naturleg ramme for tilsette-ressurs i kretsen/området.

Endring i kurs og framdrift

I mars 2023 fekk prosessen sin restart med ny leing og fasilitator. Den enkelte krets er fri til å finna sin eigen veg med tanke på organisering. ImF kan enda opp med ei blanding av kretsar, regionar og nettverk.

Årsmøtet 20. april

Det vert presentasjon av prosjektgruppa sitt arbeid, og deretter gruppesamtale og plenumsamtale.

Forslag til vedtak:

Årsmøtet ynskjer ein framtidsretta IMS som gir "meir misjon" og "eit betre vi", noko som også er mottoet til ImF fram mot GF i 2025.

Årsmøtet støttar å arbeida vidare fram ein modell der me i størst mogleg grad nyttar ressursane til utadretta arbeid. Lag og forsamlingar er grunnstamma i misjonsarbeidet og hjelper kvarandre i nettverk, støtta av IMS. Me ynskjer å vera tettare på det lokale arbeidet. I tillegg til at me framleis vil ha ein IMS-administrasjon på Stord, ynskjer me å oppretta fleire lokale ressurscenter, som igjen vil ha ansvar for sine geografiske område. For å få til dette, treng me også å arbeida fram ein meir berekraftig økonomi.

Vedlegg 13 - Refinansiering Helgatunlia

REFINANSIERING AV RESTGJELD I HELGATUNLIA INNTIL SISTE LEILEGHEITER ER SOLGT

Bakgrunn

Helgatunlia-prosjektet er ferdig og kjøparane har overteke burettslaga, som no er i ein fusjonsprosess. Det står att sju uselde leilegheiter som er eigd av IMS.

Helgatunlia har finansiert ein god del av oppgraderinga på Helgatun, så det står att noko restgjeld på byggelånet. Dette må omgjeraast frå byggelån til vanleg pantelån og overførast til IMS (då me ikkje lenger eig Helgatunlia), for å halde likviditet inntil nok leilegheiter er selde.

Totalt lån ifm Helgatunlia	306 600 000,-
Nedbetalt pr. 1.4.24	294 575 254,-
Restgjeld	12 024 746,-

I tillegg vert det halde att litt av sluttoppgjeret til totalentreprenør inntil dei siste små detaljane er fullførde, dette beløpet er på om lag ein million.

Som utbyggjar har IMS òg eit garantiansvar som er sikra med bankgarantiar i samsvar med bustadoppføringslova. Desse garantiane har i utbyggingsperioden stått på Helgatunlia-selskapa, men må no overførast til IMS, då det er IMS som har garantiansvaret. Totalt garantibeløp var 56,7 millionar. Dette utgjer 5% av kjøpesum på leilegheitane og gjeld i fem år. IMS har sikra seg slik at ev. garantikrav vil bli overført totalentreprenøren.

Refinansiering av restgjelda vil bli gjort med pant i dei ferdige leilegheitane som ikkje er selde. Salspris på dei er samla 48,8 millionar.

Forslag til vedtak

Årsmøte godkjenner at IMS-styret kan refinansiere restgjelda i Helgatunlia-prosjektet med inntil kr. 15 000 000,-. Sikkerheit kan tas i dei uselde leilegheitane.

Årsmøtet godkjenner at bankgarantiar ifm utbygginga i Helgatunlia kan overførast til IMS.

Vedlegg 14 - IMS sine årsmøte frå 2025



IMS sine årsmøte frå 2025

Sak 11 under IMS årsmøte 20.04.24

Under Utsendingsmøtet 2022 hadde me oppe sak der me ynskte å skilja årsmøtet frå Sommarens Storsamling. Slik vedtak vart gjort:

Årsmøtet godkjenner ei prøveordning på to år, der me skil Utsendingsmøtet frå Sommarens Storsamling. Utsendingsmøtet vert lagt til ein laurdag, fortrinnsvis i april, medan Sommarens Storsamling rullerer mellom ulike bygder, og vert halden i juni.

Positivt å skilja

Fleire har uttrykt at det var positivt å skilja dei to arrangementa. Det er også IMS-leiing si oppleving. Sommarens Storsamling vart til IMS Sommarfest, og me opplevde stor suksess på Brandøy 16.-18 juni 2023 med dette arrangementet. Det samla alle generasjonar, noko som var eitt av hovudmåla med skiljet. Så har me også fått meir ro og tid til sjølve årsmøtet. I 2022 var det 71 utsendingar, i 2023 var det 70 utsendingar.

Sommarfesten; ein stad der me kan bu saman

Det er eit spørsmål korleis dette skal sjå ut vidare. Under planlegging, samtale og vurderingar etter utsendingsmøtet i 2022, fann me ut at ein slik sommarfest bør vera ein stad der me også kan bu saman. Arrangementet i 2023 vart difor lagt til Brandøy, i staden for Husnes, slik den opprinnelege planen var.

Rullera Sommarfesten? Korleis få eit arrangement som gir økonomisk gevinst?

Me trur framleis at det er best å ha arrangementet på ein stad der me alle kan bu. Då er det Brandøy, Framnes og Helgatun som peikar seg ut. Under prøveordninga – og med å nytta erfaringane frå i fjor – var det greitt å ha Sommarfesten også i år på Brandøy. Spørsmålet er om arrangementet skal rullera mellom dei tre plassane, og får ein det då til same tida kvart år? Spesielt på Framnes vil det vera utfordring i forhold til semesteravslutning og andre arrangement. På Brandøy har me fått til annan organisering i arbeidet, noko som også har vore positivt. Ei gruppe, stort sett den same begge åra, har samarbeid om heile arrangementet, både program og praktiske ting. Brandøy har så koordinert det praktiske, i staden for at ein har hatt mange komitear. Det har letta arbeidet. Like fullt er det eit ressurskrevande arrangement. Det krev mange frivillige, og økonomisk sit me (både Brandøy og IMS) igjen med mindre pengar. Det kan koma seg noko i år, etter at me har tatt billegare val for program, og også har erfaringar i fjor å ta med oss. Men Brandøy får inn meir på ei Brandøyhelg, og det er arbeidskrevande for Brandøy å kompensera med lotteri for å få tent inn tapte inntekter, og også IMS har ekstratiltak dette året. Samtidig er Brandøy veldig positive til arrangementet, så lenge ein får til ei grei økonomisk ordning og nok frivillige. Så er arrangementet ikkje minst god MISJON, som sjølv sagt er eit av måla. Det er eit positivt og samlande arrangement for Brandøy og bygdene rundt.

Korleis femna heile IMS-land?

Geografisk sett er IMS stor. Me ynskjer at alle skal kjenna seg inkludert i Sommarfesten. Sjølv om det var nokre frå «indre strok» på IMS Sommarfest, var dei fleste frå Sunnhordland og omegn. No har Helgatun eigne arr som femnar vidt, t.d. Helgatunhelga om hausten. Kan det

Vedlegg 14 - IMS sine årsmøte frå 2025

vera aktuelt å gjera denne større, t.d. liknande den suksessfulle jubileumshelga som var i august 2023? Elles trur me at Helgatun også kan romma ein Sommarfest. Denne praten må me i så fall ta saman med leiing der. Framnes har eit ideelt skuleanlegg for arrangementet. Utfordringa blir tidspunkt. Så har me Forsamlingskonferanse i Norheimsund i mars. Eit positivt arrangement som samlar bygdene, men ikkje så bredt i deltakarar likevel.

Rullera årsmøtet?

Det er eit spørsmål om antal utsendingar blir like stort om me rullerer årsmøtet. Like fullt meiner me at dette bør skje dersom ein t.d. endar på at IMS Sommarfest kvart år vert på Brandøy. Me ser at det er vanskeleg for Brandøy eller andre å binda seg opp for mange år framover. Kanskje må dette vurderast år for år, og då må ein også år for år vurderer kor årsmøtet skal haldast?

Tidspunkt for årsmøte 2025

I 2025 vert det utfordring å ha årsmøtet i april. Påska kjem seint. Det vert tidleg å ha årsmøtet 6. april, i alle fall rekneskapsmessig. Og første laurdag etter påske blir 26. april. Då er det ConTeenNew-konfirmasjon. Dei to første helgene i mai er det konfirmasjonshelger for mange, og 17. mai er også uaktuell. Me føreslår difor årsmøte i 2025 til laurdag 24. mai.

I lovane for IMS, paragraf 5, står det følgjande:

«Det (årsmøtet) vert halde kvart år i juni månad etter nærare vedtak i styret.»

Om ein no går for eit permanent skilje, må også lovane endrast, sidan ein ikkje lenger har årsmøtet i juni. Det kan i så fall skje under årsmøtet i 2025.

Forslag til vedtak:

Årsmøtet ynskjer å fortsetja ordninga som no, med at ein skil årsmøtet frå Storsamling/IMS Sommarfest. Det er ynskjeleg å ha IMS Sommarfest ein stad der alle kan bu, altså på Brandøy, Framnes eller Helgatun. Stad har ein dialog på år for år. Det handlar om kven som kan ta imot arrangementet til høveleg tid, og motivasjon for å ta imot storarrangementet.

Årsmøtet vert halde ein laurdag, fortrinnsvis i april. Ein prøver å rullera stad, alt etter kor IMS Sommarfest finn stad.

Under årsmøtet i 2025 set ein opp som sak at ein endrar IMS sine lovar slik at dei er i samsvar med dagens praksis.



VELKOMMEN TIL

Familieleir på Brandøy

28. juni - 02. juli

Påmelding og info på indremisjonen.no/leirar/

for barn 0-9 år
i følge med vaksne



Velkommen til Superhelg på Helgatun 3.-5. mai

Info og påmelding: indremisjonen.no/leirar/

Konfirmasjon i regi av IMS?

**Onsdag 15. mai kl.17:30
på Horneland bedehus**

Informasjonsmøte for deg som lurer på om konfirmasjon i IMS er noko for deg

Både foresatte og neste års konfirmanter er hjarteleg velkommen

Les mer på side 16 inni bladet eller på indremisjonen.no

HIMMEL OVER LIVET

FREDAG

Frå 17.00 Innkvartering

18.00 Grillbuffè ute

19.00 Kick off for born i skulealder med **Viggo Klausen**, i møtesalen

19.00 Kick off for ungdomane

20.30 Sommarkveld i teltet

- **Viggo Klausen**

- **Himmelpust**

- **Lill-Inger Velde**

- **Jorunn Eikemo**

Open kafè utover kvelden

LAURDAG

08.30-09.30 Frukostbuffè

09.50 Ti-på-ti bøn i teltet

10.30 Bibel og fellesskap i teltet

Vidar Mæland Bakke

«Himmel over livet -
- når himmelen skjuler seg bak skyene»

Barnas sommarfest i møtesalen med **Viggo Klausen**

12.30 Lunsj

14.00 Misjonstivoli

Hoppeslott, bungee-run, lykkehjul, fotball-dart, ansiktsmaling m.m.

15.00 Misjonsløp til inntekt for IMS

16.30 Utflukt for ungdomane

16.30 Seminartid

Viggo Klausen:

«Barn og trusforsvar»

Vidar Mæland Bakke:

«Disippelrytmer»

17.30 Middag

19.00 Alle-saman-møte i teltet med **Viggo Klausen**

Open kafè utover kvelden med trekking av BRANDØY-lotteriet

SØNDAG

08.30-09.30 Frukostbuffè

09.50 Ti-på-ti bøn i teltet

10.30 Bibel og fellesskap i teltet

Vidar Mæland Bakke

«Himmel over livet
- når eg ser din himmel»

Song ved **Linn B. Røen** og **Knut Inge Røen**

Alle møter i teltet kl 10:30 til song og nattverd. Barnas sommarfest fortset med **Viggo Klausen** i møtesalen etterpå.

12.30-14.00 Fleksimiddag



VIDAR MÆLAND BAKKE

Hovudprest og dagleg leiar
i ByMenigheten - Sandnes



VIGGO KLAUSEN

Trusformidlar, songforfattar
og musikar

Påmelding på
WWW.IMS-SOMMARFEST.NO

BRANDØY
14.-16. JUNI 2024

WWW.IMS-SOMMARFEST.NO →



ims
**SOMMAR
FEST**

**SJEKK UT
EIGE UNGDOMSOPPLEGG**

Organisasjonskart for IMS

